

1490

# Bruken og brukarane av Jostedalsbreen nasjonalpark 2017

NINA Rapport

Kasse- og etterundersøking

Odd Inge Vistad, Sofie K. Selvaag & Line C. Wold



# **NINAs publikasjonar**

## **NINA Rapport**

Dette er den ordinære rapporteringa frå NINA til oppdragsgjevar etter gjennomført forskings-, overvakings- eller utgreiingsarbeid. I tillegg omfattar serien mykje av instituttets andre rapportering, til dømes frå seminar og konferansar, resultat av eige forskings- og utgreiingsarbeid og litteraturstudium. NINA Rapport kan også gjevast ut på anna språk når det er føremålstenleg.

## **NINA Temahefte**

Temahefta omhandlar spesielle emne og blir utarbeidd etter behov. Serien famnar svært vidt; frå systematiske bestemmingsnøklar til informasjon om viktige problemstillingar i samfunnet. NINA Temahefte har vanlegvis ei populærvitskapleg form med meir vekt på illustrasjonar enn NINA Rapport.

## **NINA Fakta**

Faktaarka har som mål å gjere forskingsresultat frå NINA raskt og enkelt tilgjengeleg for eit større publikum. Faktaarka gir ei kort framstilling av nokre av våre viktigaste forskningstema.

## **Anna publisering**

I tillegg til rapportering i våre eigne seriar publiserer dei tilsette i NINA ein stor del av sine vitskaplege resultat i internasjonale journalar, populærfaglege bøker og tidsskrift.

# Bruken og brukarane av Jostedalsbreen nasjonalpark 2017

Kasse- og etterundersøking

Odd Inge Vistad  
Sofie K. Selvaag  
Line C. Wold

Vistad, O.I., Selvaag, S.K. & Wold, L.C. 2018. Bruken og brukarane av Jostedalsbreen nasjonalpark 2017. Kasse- og etterundersøking. Revidert utgave. NINA Rapport 1490. Norsk institutt for naturforskning.

Lillehammer, april 2018

ISSN: 1504-3312

ISBN: 978-82-426-3251-7

Revidert utgave. Verdi i figur 15 og figur 16 side 35 og figur 46 side 62 i opprinnelig versjon er rettet opp.

RETTSHAVAR

© Norsk institutt for naturforskning

Publikasjonen kan siterast fritt med kjeldetilvising

TILGANG

Open

PUBLISERINGSTYPE

Digitalt dokument (pdf)

KVALITETSSIKRA AV

Vegard Gundersen

ANSVARLEG SIGNATUR

Forskingssjef Jon Museth (sign.)

OPPDRAGSGJEVAR(AR)/BIDRAGSYTAR(AR)

Miljødirektoratet

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

REFERANSE HOS OPPDRAGSGJEVAR

M-1024|2018

KONTAKTPERSON(AR) HOS OPPDRAGSGJEVAR/BIDRAGSYTAR

Line-Kristin Larsen, Miljødirektoratet

Maria C. Knagenhjelm, nasjonalparkforvaltar

FRAMSIDEBILETE

Ved sjølvregistreringskassa, Bergset © Odd Inge Vistad

NØKKEWORD

- Jostedalsbreen nasjonalpark (Sogn og Fjordane)
- Brukarundersøking i nasjonalparken og tilliggande område
- Lokal kasseundersøking
- Nettbasert etterundersøking

KEY WORDS

Jostedalsbreen national park, visitor study (self-registration boxes and internet-based follow-up study)

#### KONTAKTOPPLYSNINGAR

##### NINA hovudkontor

Postboks 5685 Torgarden  
7485 Trondheim  
Tlf: 73 80 14 00

##### NINA Oslo

Gaustadalléen 21  
0349 Oslo  
Tlf: 73 80 14 00

##### NINA Tromsø

Postboks 6606 Langnes  
9296 Tromsø  
Tlf: 77 75 04 00

##### NINA Lillehammer

Vormstuguvegen 40  
2624 Lillehammer  
Tlf: 73 80 14 00

##### NINA Bergen

Thormøhlensgate 55  
5006 Bergen  
Tlf: 73 80 14 00

[www.nina.no](http://www.nina.no)

## Samandrag

Vistad, O.I., Selvaag, S.K. & Wold, L.C. 2018. Bruken og brukarane av Jostedalsbreen nasjonalpark 2017. Kasse- og etterundersøking. Revidert utgave. NINA Rapport 1490. Norsk institutt for naturforskning.

I Jostedalsbreen nasjonalpark (JNP) gjennomførte lokal forvaltning og SNO sommaren 2017 ei undersøking ved hjelp av sjølvregistreringskasser ved 19 innfallsportar. Seinare vart denne fylgt opp med ei nettbasert etterundersøking, som NINA var ansvarleg for (vha. innsamla e-postadresser i kasse-undersøkinga). Det vart fylt ut 17161 skjema i kassene og 2797 skjema i etterundersøkinga. Svarprosenten i etterundersøkinga var 39, og representativiteten (i høve til førundersøkinga) er ganske god for kjønn og alder, men med relativt fleire nordmenn og lokalt busette, men tydeleg færre fyrstegongsbrukarar og fleire med langturefaring i etterundersøkinga.

Utvalde variablar i førundersøkinga ser slik ut:

<b>JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK (NP)</b>			
<b>Innsamla skjema 2017 = 17161 (n nedanfor = kor mange som totalt har svara på spørsmålet)</b>			
Del nordmenn (n=17161)	25 %	Erfaring med lengre tur (prosentdel for Aldri/Meir enn 20 gonger, n=16869)	41 % / 17%
Del fyrstegongsbesøkande (n=17126)	71 %	Del låg-puristar (n=10769)	68 %
Del som er på dagstur (n=16183)	86 %	Del mellom-puristar (n=10769)	23 %
Varigheit dagstur (gj.snitt timar) (n=12888)	3,9 t.	Del høg-puristar (n=10769)	9 %
Varigheit fleirdagarstur (snitt dagar) (n=2244)	3,4 d.	Kvinnedel (n=17108)	52 %
Del som er med på organisert tur(n=17030)	9 %	Del lokalt busette (Luster, Sogndal, Jølster, Balestrand, Førde, Gløppen eller Stryn) (n=17161)	3 %
Alder, gjennomsnitt (n=16265)	44 år	Del som går med barn under 15 år i fyljet (n=17035)	21 %

Tala viser tilnærma lik kjønnsfordeling og snittalder på 44 år. Berre 3 % er lokale og totalt 5 % frå Sogn og Fjordane. Tre av fire er utlendingar, høgare enn i nokon annan nasjonalpark vi har målt, og nesten like mange er der for første gang. Nær halvparten har aldri eller berre ein gong vore på langtur (fot/ski). Turfriluftsliv er den dominerande friluftssinteressa. Få går aleine, og kvar femte er i grupper der barn er med. Kvar tiande var med på organisert tur. Kjensla av ei tilknytning til området ligg noko høgare enn forventa, sidan det er så mange fyrstegongsgjester.

Det er naturopplevinga (for alle) og ønsket om å oppleve isbre (særleg utlendingar) som er viktigaste grunnane for besøket. Dei aller fleste følgjer stiar/veger, og godt merka stiar og tydeleg skilting er verdsett. Dagstur til fots er den klart mest dominerande aktiviteten; brevandring er også ganske omfattande (halvparten i organiserte grupper). Vi har også kartlagt vinterbruken sist år. Besøk i JNP utløyser overnatting i eller nær parken for nær 3/4. Campingplassar blir oftast brukt. For dei fleste var besøket hit del av ei rundreise, og sjeldan hovudmålet.

To av tre hadde bestemt seg for besøket før avreise heimanfrå, og noko over halvparten søkt informasjon på førehand. Dei fleste syns det var lett å finne info, og internett er viktigaste kjelda. Informasjon før avreise heimanfrå og når dei kjem til innfallsporten blir rekna som viktigast, og dei søker særleg info om turforslag, spesielle attraksjonar og kart. Noko under halvparten deler opplevingar frå området vha. sosiale media.

4/5 visste at JNP var verna som nasjonalpark, og noko over 1/2 oppgav vernestatusen som (meir eller mindre) viktig for besøket til JNP. Fire av fem var godt nøgde med tilrettelegginga for friluftsliv i området, men mange var ikkje heilt nøgde med kvaliteten på det dei meiner er viktige tiltak (infotavler, stimerking, skilting). Kunnskapen om vernereglar bør bli betre. Fleirtalet meiner hovudstiane bør vere for fotfolket, men at enkelt stiar bør opnast for sykkel og hest. Innstilling til motoraktivitetar (helikopter, dronar) er negativ. Det er ganske enkelt å finne stader der ein kan vere aleine, sjølv om mange meiner det er for mykje folk somme stader i høgsesong.

Jostedalsbreen NP er heilt spesiell med den store dominansen av turistar, og ikkje minst utlendingar. Dette gjev gode høve for forvaltninga til å styre ferdsel og tiltak dit ein ønskjer, utan å øyde verneverdiane, så lenge ein klarer å kome dei viktige brukarønskja i møte, særleg breoppleving.

Odd Inge Vistad, NINA, Vormstuguvegen 40, 2624 Lillehammer, [odd.inge.vistad@nina.no](mailto:odd.inge.vistad@nina.no)  
Sofie K. Selvaag, (same adresse), [sofie.kjendlie@nina.no](mailto:sofie.kjendlie@nina.no)  
Line C. Wold, (same adresse), [line.wold@nina.no](mailto:line.wold@nina.no)

## Abstract

Vistad, O.I., Selvaag, S.K. & Wold, L.C. 2018. Visitation and visitors to Jostedalsbreen national park 2017. A selfregistration and an online based follow-up study. Revised edition. NINA Report 1490. Norwegian Institute for Nature Research.

In Jostedalsbreen national park (JNP) the local managers and SNO implemented a visitor study (summer 2017) with selfregistration boxes at 19 entrances. Later, a follow-up online study (based on collected e-mails) was managed by NINA. A total of 17161 questionnaires were completed in the local boxes and 2797 in the follow-up study. The response rate in the follow-up was 39, and the representativity (related to the box registration) was quite good concerning gender and age, but with relatively more Norwegians and local residents, far fewer first-time visitors and more experienced outdoor recreationists.

Chosen variables in the self-registration study:

<b>JOSTEDALSBREEN NATIONAL PARK (JNP)</b>			
<b>Respondents = 17161 (n below = number of answers on the actual question)</b>			
Norwegian (n=17161)	25 %	Experience with longer hikes (percent Never / More than 20 times, n=16869)	41 % / 17%
First-time visitors (n=17126)	71 %	Low-purists (n=10769)	68 %
Visitors on a day-trip (n=16183)	86 %	Medium-purists (n=10769)	23 %
Duration day-trip (mean hours) (n=12888)	3,9 h	High-purists (n=10769)	9 %
Duration multi-day trip (mean days) (n=2244)	3,4 d	Women (n=17108)	52 %
Being part of an organized group (n=17030)	9 %	Local residents (Luster, Sogndal, Jølster, Balestrand, Førde, Gloppen or Stryn) (n=17161)	3 %
Age, mean (n=16265)	44 y	Children < 15 years in the group (n=17035)	21 %

There is a good gender balance and the mean age is 44 years. Only 3 % are from the local municipalities and in total 5 % from Sogn og Fjordane county. 3/4 are foreigners; a higher proportion than in any other surveyed Norwegian national park. A quite similar proportion was first time visitors. Close to 50 % had never or only once been on a foot or skitrip longer than one day. Traditional walking-/skiing trips is the most favoured kind of outdoor recreation. Few are alone in JNP, and every fifth is in a group with children. Every tenth attends an organized trip. The average feeling of attachment to the area is surprisingly high, since so many are first time visitors.

Experiencing nature (everyone) and the wish to experience the glacier (especially foreigners) are the most important reasons for the visit. The majority follows roads or paths, and well marked and signposted paths are appreciated. A day trip on foot is the dominating activity; walking on the glacier is also quite frequent (half of which in guided groups). Visitation to JNP includes lodging, within or near the park, for about ¾ of the visitors: commercial campsites are most used. For the majority the visit was part of a round trip.

Two thirds had decided to visit JNP before they left home, and a bit more than 50 % sought information from home. Finding info from home and at the entrancepoint to the park were regarded most important, and they seek primarily outing suggestions, special attractions, and maps. Less than half share their experiences on social media.

4/5 knew that JNP was a national park, and a bit more than 50 % stated that the NP-status was (more or less) important for their visit to JNP. Four out of five were satisfied with the physical measures and facilitation for outdoor recreation. Some were not so satisfied with the quality of

the type of measures they found to be especially important (information boards, marking and signposting paths). Quite many seem to be ignorant about local rules and regulations. The majority wants the main paths to be reserved for hikers, while some paths should be opened for bicycling and horseriding. Motorized activities (helicopters, drones) are not appreciated. Finding places to be alone is regarded quite easy, but many still mean that some places are crowded in the high season.

JNP is very special in a Norwegian context, with the great dominance of tourists, especially foreigners and first-time visitors. This makes it easier for the management authorities to guide the visitors to specific robust locations, without ruining vulnerable locations, if the important visitor expectations (especially glacier experiences) are met.

Odd Inge Vistad, NINA, Vormstuguvegen 40, NO-2624 Lillehammer, [odd.inge.vistad@nina.no](mailto:odd.inge.vistad@nina.no)  
Sofie K. Selvaag, (same address), [sofie.kjendlie@nina.no](mailto:sofie.kjendlie@nina.no)  
Line C. Wold, (same address), [line.wold@nina.no](mailto:line.wold@nina.no)



# Innhald

<b>Samandrag</b> .....	<b>3</b>
<b>Abstract</b> .....	<b>5</b>
<b>Innhald</b> .....	<b>7</b>
<b>Føreord</b> .....	<b>9</b>
<b>1 Innleiing</b> .....	<b>10</b>
<b>2 Metodikk</b> .....	<b>12</b>
2.1 Spørjeskjema i sjølvregistreringskasser .....	12
2.2 Sjølvregistreringskasser i Jostedalsbreen nasjonalpark .....	14
2.3 Etterundersøkinga .....	18
2.4 Representativiteten i etterundersøkinga samanlikna med kasseundersøkinga. ....	18
2.5 Analyse og framstilling av data .....	19
<b>3 Mengda bruk</b> .....	<b>21</b>
3.1 Registrering ved hjelp av ferdselsteljingar .....	21
3.2 Kassemetoden – kan den vise bruksmengda? .....	23
<b>4 Indikatorsett for bruken/brukarane av Jostedalsbreen nasjonalpark</b> .....	<b>24</b>
<b>5 Generelle trekk ved dei besøkande</b> .....	<b>25</b>
5.1 Kjønn, alder, utdanning, bustad .....	25
5.2 Friluftslivserfaring og friluftslivsinteresser .....	27
5.3 Turfylgjet .....	28
5.4 Tidlegare besøk og kjennskap til Jostedalsbreen nasjonalpark .....	29
5.5 Dei besøkande sine grunnar for å besøke Jostedalsbreen nasjonalpark .....	31
5.6 Idealområde og purismegrad .....	33
<b>6 Bruken av området</b> .....	<b>37</b>
6.1 Romleg bruk .....	37
6.2 Bruk av sti og veg .....	38
6.3 Sesongbruk .....	38
6.4 Type bruk .....	39
6.4.1 Formålet med turen og bruken gjennom året .....	39
6.4.2 Tid i nasjonalparken og overnatting .....	40
6.5 Jostedalsbreen nasjonalpark som besøksmål .....	43
<b>7 Innhenting av informasjon og bruk av sosiale media</b> .....	<b>44</b>
7.1 Innhenting av informasjon og føretrekt informasjon .....	44
7.2 Føretrekt måte å få informasjon .....	45
7.3 Bruk av sosiale media .....	47
<b>8 Oppleving av dagens tilstand i Jostedalsbreen NP</b> .....	<b>48</b>
8.1 Jostedalsbreen som villmarksområde .....	48
8.2 Jostedalsbreen som nasjonalpark .....	49
8.2.1 Kunnskap om vernet – nasjonalpark som attraksjon .....	49
8.2.2 Kva er lovleg og ulovleg? .....	51
8.3 Tilrettelegging for friluftsliv .....	52
<b>9 Samanlikning av bruk og brukarar ved ulike innfallsportar</b> .....	<b>54</b>

<b>10 Diskusjon.....</b>	<b>65</b>
Representativiteten.....	65
Temaet bruk og vern .....	65
Informasjon og åtferd.....	66
Fare for konflikter mellom ulike bruksformer og/eller aktiviteter? .....	66
<b>11 Referansar .....</b>	<b>68</b>
<b>12 Vedlegg.....</b>	<b>70</b>

## Føreord

Med bakgrunn i den nye merkevare- og besøksstrategien for norske nasjonalparker og andre store verneområde lyste Miljødirektoratet i 2016 ut ei rammeavtale for brukarundersøkingar i verneområde. NINA er ein av to leverandørar som fekk tildelt oppdraget. Oppdraget består i å analysere data frå brukarundersøkingar i visse tildelte nasjonalparker/større verneområde for perioden 2017-2019. Oppdraga vert altså gjennomført under ein rammeavtale med Miljødirektoratet, men med respektive nasjonalparkstyre som oppdragsgjevar/kunde for det enkelte verneområdet. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er slik sett oppdragsgjevar for undersøkinga i Jostedalsbreen nasjonalpark.

Undersøkinga er todelt og består av 1) sjølvregistreringskasser ved innfallsportar til området, der dei besøkande vert oppfordra til å fylle ut eit kortfatta spørjeskjema (her stort sett kalla 'kasseundersøkinga'), og seinare ei oppfyljande internettbasert undersøking (her kalla 'etterundersøkinga') til dei som har skrive inn e-postadressa si i kasseundersøkinga.

NINA har berre hatt ansvar for analyse av data fra dei to datainnsamlingane, samt det praktiske arbeidet med utsending av etterundersøkinga. Innhaldet i dei to spørjeskjema er bestemt av Miljødirektoratet, og standardiserte skjema vert nytta i alle verneområde – men med høve for mindre lokale tilpassingar dersom forvaltarane ønskjer det. NINA har kome med råd i samband med denne tilpassinga. Val av lokaliteter for plassering av sjølvregistreringskassene, praktisk utplassering, ettersyn av kassene og punsjing av data fra kasseundersøkinga har forvaltninga sjølv hatt ansvar for.

Denne rapporten oppsummerer funna frå undersøkingane som vart gjort. Vi takkar nasjonalparkforvaltar Maria C. Knagenhjelm for samarbeidet både i dei innleiande fasene av arbeidet og for innspel til rapporten. Også takk til SNO ved Anne Rudsengen, Rune Holen, Liv Byrkjeland og Rein-Arne Golf mfl. for gjennomføring av kasseundersøkinga i felt, og alle dei som har punsja svar frå kasseskjema inn i Excel-filer.

Lillehammer, April 2018  
Line C. Wold,  
Prosjektleder

# 1 Innleiing

Føremålet med rapporten er å beskrive karaktertrekk ved dei besøkende til Jostedalsbreen nasjonalpark, og vidare bruken og bruksmønsteret deira i området. Informasjonen skal nyttast av nasjonalparkstyret og verneområdeforvaltninga som fagleg grunnlag for arbeidet med besøksstrategien. Med auka kunnskap om bruken av området vil ein vere betre istand til å prioritere forvaltningstiltak, lokalisering av tiltak og utarbeide en god og tilpassa besøksstrategi.

Jostedalsbreen vart vedtatt som nasjonalpark i 1991 og utgjer eit samla område på 1310 km<sup>2</sup>. Nasjonalparken ligg i kommunane Balestrand, Luster, Sogndal, Førde, Jølster, Gloppen og Stryn i Sogn og Fjordane fylke. Nigardsbreen naturreservat (28 km<sup>2</sup>) grensar inntil parken i aust. Verneforskrifta for nasjonalparken seier at parken skal verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand (<http://www.nasjonalparkstyre.no/Jostedalsbreen/Verneomrade/>). Jostedalsbreen er ein bre som strekkjer seg frå 60 til 2000 moh. Breen er Europas største isbre på fastlandet og har 28 namngjevne brearmar. Breen har forma det karakteristiske landskapet med u-dalar, morenar, breelvsletter og rasmarker. Breane i nasjonalparken utgjer ca halvparten av nasjonalparken. Jostedalsbreområdet har eit dramatiske landskap med store kontrastar frå fjordar og frodige dalar til karrige fjell- og breområde.

Jostedalsbreen nasjonalpark vert mykje nytta til friluftsliv og ein har eit godt, men grovt bilete av bruken alt før denne undersøkinga. Eit av formåla med nasjonalparkvernet er å gje ålmenta høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging. Dei lokale brukar dalane og fjellstrøka inn mot breen til nærtur- og dagstuområde. Dei same rutene blir også nytta til å kome seg opp og ned frå breplatået. Mange av turistane brukar også dei ytre delane av Jostedalsbreområdet til dagsturar, om sommeren. Hotell- og cruiseskipturistar oppsøker i hovudsak berre dei kjende turiststadene, særleg Briksdalen og Nigardsbreen. Fleirdagarsturar er populære både blant lokalt busette og tilreisande, og vårskiturar, m.a. "*Josten på langs*", er særleg populært. Overnatting i telt og turlagshytter er dei mest populære overnattingsformene. Det er i dag 4 ålment tilgjengelege hytter for overnatting inni verneområdet (Flatbrehytta, Vetladalsseter, Bødalsseter og Skålabu/Skålatårnet), samt nokre få nødbuer. I tillegg er det ein god del private hytter og stølshus i og utanfor nasjonalparken. Interesse for friluftsliv på og ved bre har vore aukande, og det er i dag tilbod om organiserte/guida turar og kurs på Jostedalsbreen både i regi av Den Norske Turistforening, Sogn og Fjordane Turlag og andre lokale turlag og guidefirma.

Sjølve Jostedalsbreen er naturleg nok lite tilrettelagd for friluftsliv og rekreasjonsbruk, men ei rekkje tiltak er gjennomførte mange stader i ytterkant av nasjonalparken. Med tilrettelegging meiner vi tiltak som hytter, vegar, merkte stiar mm. Skålastien er eit døme på tilrettelegging for friluftsliv, der nasjonalparkstyret har gått inn med midlar og bidrege til lokal aktivitet. Andre døme er restaurering av driftevegane i Erdalen og Sunndalen, som bidreg til auka beitebruk i kulturlandskapet. Det er ingen bilvegar i sjølve nasjonalparken, men fleire stader går offentlege vegar nær inntil parkgrensa, t.d. i Jostedalen, Stardalen og i Lodalen. Innfallsportane til parken ligg generelt i tilknytning til dei offentlege riks- og fylkesvegane i dalane kring breen. Dei viktigaste innfallsportane er Styggevatnet, Fåbergstølen, Hauganosi/Steinmannen, Tungestølen, Bøyadalen, Øygard/Flatbrehytta, Kjøsnesfjorden/Lundesgardet, Befringsdalen, Haugadalen, Oldedalen med Briksdalen og Melkevoll, Bødalen, Tjugen/Skåla, Kjenndalen, Erdalen og Sunndalen. Den markerte topografien avgrensar i stor grad kor folk flest ferdast. Mesteparten av ferdsla skjer om våren og sommaren, kring innfallsportane eller over breplatået for å gå "*Josten på langs*".

Breheimsenteret i Jostedalen, Norsk Bremuseum i Fjærland og Jostedalsbreen nasjonalparksenter i Stryn er viktige informasjonskanaler og alle tre er offisielle nasjonalparksenter.

Eit av formåla til Jostedalsbreen nasjonalpark er også å verne om kulturminne og kulturlandskap. Ein finn få spor frå tidlegare tider innafor sjølve verneområdet på grunn av isbreen, men det er fleire i tilgrensande område. Kulturminna er i stor grad knytte til nytte-bruk av utmarka, som t.d. øydestølar, tufter, søydegroper<sup>1</sup> og kolmiler. Nyare tids kulturminne er knytte til støls-, beite- og utslåttområde. Utmarka vart intensivt nytta ved å slå gras og lauve til husdyr-fôr, og det sto mange utløer i dalsidene. I dei fleste dalane kring Jostedalsbreen kan ein finne restar av dette gamle kulturlandskapet og fredingsverdige stølar av nasjonal interesse ligg i fleire av dalane. Det er stadig noko haustingsaktivitetar innafor verneområdet. Fiskeinteressene er små, men hjortejakt i området er viktig. Dei fleste dalane blir nytta til sommararbeite for husdyr - både storfe, sau og geit, og i fleire av dalane er vedaskogen ein viktig ressurs for gardane. Nigardsbreen naturreservat er forvalta av Luster kommune, men er, i samarbeid med nasjonalparkstyret, også innlemma i brukarundersøkinga. Nigardsbreen er truleg, saman med Briksdalsbreen og Bøyabreen, den mest besøkte verneattraksjonen i fylket (Knagenhjelm, pers. medd.).



**Figur 1** Jostedalsbreen nasjonalpark, kart henta frå [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) (<http://www.miljodirektoratet.no/Global/dokumenter/tema/verneomr%C3%A5der/Nasjonalparke/r/Jostedalsbreen.pdf>).

<sup>1</sup> kokegroper for matlaging frå jernalderen.

## 2 Metodikk

Det er altså gjennomført ei todelt spørjeundersøking i Jostedalsbreen nasjonalpark. Den første delen vha. eit kortfatta svarsjema i svarkasser, fylt ut av brukarar då dei var i området. Her vart også brukarane/respondentane bedne om å skrive inn e-postadresse, dersom dei var villige til å svare på eit meir omfattande skjema om seg sjølv og eigen bruk av Jostedalsbreen nasjonalpark. Den andre delen var altså internett-basert, sendt til dei som hadde oppgitt korrekt og lesbar e-postadresse (etterundersøking).

Val av lokaliteter for plassering av svarkasser med skjema vart gjort av verneområdeforvaltninga, som også hadde ansvar for tilsyn med kassene/utstyret i innsamlingsperioden og for elektronisk innlegging (punsjing) av data frå kasseskjemaet. Både spørjeskjema (kasseundersøking og etterundersøking) fylgde den standardiserte malen utarbeidd av Miljødirektoratet, men tilpassa lokale forhold.

NINA har hatt ansvar for den praktiske utsendinga av etterundersøkinga. NINA har kommentert og vurdert lokale ønskje/forslag om å supplere skjema med nye spørsmål, men har elles ikkje hatt ansvar for innhaldet i spørjeskjema. NINA har hatt ansvar for analyse og rapportering av data fra både før- og etterundersøkinga.

Det var også utplassert seks automatiske teljarar i nasjonalparken sommaren 2017 (Skåla, Kattanakken, Austerdalen, Tuftebresteinen, Raudalen, og Sunndalen). Dei fem fyrste er rapportert i årsrapporten for 2017 frå SNO, medan den siste ikkje har gitt data (Rudsengen 2018). Teljaren for Raudalen ligg i Breheimen NP, men ruta den er knytt til går gjennom Jostedalsbreen NP. SNO har altså nytta eigne teljarar og hatt ansvar for utplassering, tilsyn osv. med desse, og rapporteringa. Teljarane som er nytta er av typen EcoCounter, reagerer på kroppsvarme, registerer tid for passering og er retningsspesifikk (passering inn eller ut). Dette er data som vert innlemma i denne rapporten, etter ønskje frå nasjonalparkforvaltninga. Vi byggjer rapporteringa på Rudsengen (2018).

### 2.1 Spørjeskjema i sjølvregistreringskasser

Når det gjeld den metodiske skildringa av planlegging/val av lokalitetar og det praktiske arbeidet med utplassering av kasser, refererer vi til rettleiaren som Miljødirektoratet (2018) har utarbeidd. Rettleiaren har blant anna kapittel om «Hvor mange kasser som bør settes ut» og om «Utsetting av kassene – plassering langs sti» som generelt viser kva prinsipp som er lagt til grunn for val av lokalitetar og utplassering. Denne rettleiaren ikkje var klar då ein planla og sette i gang arbeidet, men fyrst ei stund ut i feltsesongen. Så langt vi kan vurdere ser dette i liten grad ut til å ha hatt negativ innverknad på gjennomføringa i Jostedalsbreen nasjonalpark. Erfaringar frå dette (og andre) feltarbeid med brukundersøkingar gav også innspel til rettleiaren (Knagenhjelm pers. medd.).

Det å bruke kasser med eit kortfatta spørjeskjema er ein forholdsvis ressurseffektiv metode der ein får samla data om bruken og brukarane av store områder og over lengre tid. Men metoden byggjer på nokre føresetnader. Den viktigaste er at ein kjenner det grove ferdselsmønsteret og den fylgjer «liner» (dvs. stiar/vegar); brukarar som vel andre innfallsportar enn der kassene er og som går utanfor sti/veg vil ikkje bli fanga opp. Ei anna utfordring er at bortfall og bortfallsprosenten (dvs. den delen som passerer kassa utan å fylle ut skjema) kan vere relativt stor (sjå t.d. Fredman mfl. 2009). Våre erfaringar frå område der vi har testa spesifikt for dette, viser at bortfallsprosenten varierer frå lokalitet til lokalitet, utan at ein har enkle og eintydige svar på kvifor det er slik. Men ulike stader/måtar å plassere kassa på påverkar kor lett brukeren oppdagar kassa, eller lyst/vilje til å stoppe opp og fylle ut skjema. Fleire undersøkingar har vist ein tilleggsfaktor: lokalbefolkningen fyller i mindre grad ut spørjeskjema enn tilreisande (Kaxrud Wilberg 2010, Vistad 1995), m.a. fordi dei trur undersøkinga gjeld 'turistar' og ikkje dei lokale.



**Figur 2** Kasse med spørjeskjema ved Tungestølen. Foto: O.I. Vistad

Spørjeskjemaet i kassene er altså eit standardskjema for alle nasjonalparker/verneområde under rammeavtala (sjå **vedlegg 1**). Skjemaet inneheld mange av dei same variablane som er brukt i liknande undersøkingar før – både av NINA og andre. I tillegg til bakgrunnsvariablar om brukaren, kartlegg spørjeskjemaet også stad-/turspesifikke tema. Spørsmål 8 er unntaket, der ein ber respondenten svare 'generelt/ideelt', for å få eit betre inntrykk av kven brukarane er når det gjeld ønskje om tilrettelegging i turområdet, og om trivsel/mistrivsel med å møte mykje/lite folk i sitt «idealområde». Spørsmålet lyder: «*Tenk deg at du skal gjennomføre ein fleirtimars tur i eit skogs- / fjellterreng om sommaren, og at området er slik DU helst vil ha det – som om det var ditt "idealområde"*». Respondentane blir så bedne om å ta stilling til åtte utsegner, på ein skala frå 1 *Svært negativt*, via 4 *Nøytralt* og til 7 *Svært positivt*. Dei åtte utsegnene er:

*Vil det vere positivt eller negativt for deg:*

- ... at det finst tilrettelagde leirplassar med do, ved, bål, søppeldunkar*
- ... at du kan bli kvitt søppel i utplasserte søppeldunkar*
- ... at det finst merka stiar i området*
- ... at det er god skilting ved stistart og stikryss i området*
- ... at det er lagt ned trestokkar til å gå på der stien går over våt myr*
- ... at det finst hytter med matservering og oppreidde senger i området*
- ... at du møter mange andre friluftsfolk i løpet av turen*
- ... at du kan gå milevis utan å møte eit menneske*

Poenget er å få fram kvar brukarane ligg på den såkalle «purismeskalaen» - ein skala som går frå «låg-purist» (trivst best med god tilrettelegging og mykje folk) og høg-purist (trives best med lite tilrettelegging og lite folk). Ved å snu svarskaalen på dei sju første variablane og så summere svara på alle åtte spørsmåla (for de som har svara på alle åtte) og deretter dele på åtte, så finn vi ein «gjennomsnitts-preferanse» for fysisk tilrettelegging og det å møte andre menneskje i

turområdet. Skårverdien ligg mellom 1 og 7, der 7 er den mest høg-puristiske verdien. Gjennomsnittshaldninga er altså uttrykk for folks «purisme-grad», og vi sorterer mellom låg-purist (1-3,5), mellom-purist (3,51-4,49) og høg-purist (4,5-7) – sjå Vistad & Vorkinn (2012).

Med utgangspunkt i variablane i kasseskjemaet kan vi lage eit indikatorsett med nøkkeltal som seier noko om dei viktigaste karaktertrekka ved brukarane (sjå **Tabell 1**, som viser eit tomt indikatorsett). Det er ofte variasjonar for desse indikatorane for ulike innfallsportar, og dei kan difor brukast til å synleggjere likt og ulikt mellom dei ulike innfallsportane.

**Tabell 1:** Indikatorsett som viser karaktertrekk ved brukarane.

<b>XX NASJONALPARK</b>			
Del nordmenn		Tidligere erfaring med lengre tur (prosentdel for hv. aldri/meir enn 20 gonger)	
Del fyrstegongsbesøkande		Del låg-puristar	
Del som er på dagstur		Del mellom-puristar	
Varigheit dagstur (gj.snitt timar)		Del høg-puristar	
Varigheit fleirdagarstur (gj.snitt dagar)		Kvinnedel	
Del som er med på organisert tur		Del lokalt busette (xx, yy lokalkommunar)	
Alder, gjennomsnitt		Del som går med barn under 15 år i fyljet	

## 2.2 Sjølvregistreringskasser i Jostedalsbreen nasjonalpark

Det vart plassert ut 21 sjølvregistreringskasser på 19 lokalitetar i/rundt Jostedalsbreen nasjonalpark (sjå boks under og kart i **Figur 3**). Det sto to kasser ved Tjugen-Skåla og to kasser ved Briksdalen-Hesteskysplassen, for å ha betre kapasitet ved stor brukar-pågang. Knagenhjelm (2017) har laga ein dokumentasjonsrapport for den praktiske gjennomføringa av kasseundersøkinga. Vi går ikkje i detalj på korleis kassene er plasserte, men viser til dokumentasjonsrapporten og nemner her berre visse «ideelle» reglar for god plassering. Rapporten omtalar m.a. kor langt frå P-plass kassene er plasserte; den varierer mykje og må sjølv sagt tilpassast lokale forhold. NINAs erfaringar er at kassene i hovudregel bør plasserast så langt frå der brukaren startar fotturen sin, at vandraren finn det meningsfullt å ta ein pause og fylle ut eit skjema i kassa. Kassene skal plasserast vendt mot stien slik at den som kjem gåande i god tid vil bli merksam på kassa, og det skal helst ikkje vere noko anna (t.d. informasjonstavler, turisthytter...) som tek merksemd frå kassa. Difor bør ein også unngå «kompromissplasseringar» (t.d. ved stikryss, på P-plassar mm). I Knagenhjelm (2017) har ein kommentert erfaringar med plasseringar og korleis gjennomføringa har fungert. Det er også forvaltninga som må vurdere kor godt ein har dekt heile det geografiske området, og slik sett klart å kartlegge dei ulike bruksformer og nå fram til alle brukargrupper som ein ville nå. Kassene var utplassert i (brutto-)perioden medio mai (veke 19) til medio oktober (veke 41) i 2017; variasjonen frå kasse til kasse er presentert i **tabell 2**.



**LOKALITETAR MED REGISTRERINGSKASSER. Henta frå Knagenhjelm (2017).**

1. **Sunndalen:** Langs stien ca 80 meter, rett etter brua. Kassa står inntil eit tre for stabilisering, samt ekstra tau for å unngå at kyrne veltar kassa. Best synleg på veg ut av verneområdet.
2. **Erdalen:** Kassa var plassert på ein naturleg stoppestad ca 600 meter fra parkeringsplassen langs stien mellom Loppeset og Storesetra, og godt synleg frå begge vandreretninger.
3. **Tjugen-Skåla:** To kasser vart plassert på ein naturleg kvileplass 1 km langs stien til Skåla frå parkeringsplassen på Tjugen. Lettast å sjå på veg inn i verneområdet.
4. **Bødalen:** Om lag 25 meter frå parkeringa og ca 15 m utanfor verneområdegrensa. Godt synleg frå begge vandreretninger
5. **Kjenndalen:** Plassert om lag 100 meter langs stien til utkikkspunkt.
6. **Briksdalen-Hesteskysplassen:** Dei to sjølvregistreringskassane var plasserte i utkanten av Hesteskysplassen, som er endehaldeplassen til Trollbilane i Briksdalen. Frå parkeringsplassen på fjellstova er det ca 2,5 km å gå eller med trollbil til Hesteskysplassen. Derifrå er det ca 400 meter til nasjonalparkgrensa og ca 500 meter til brevatnet.
7. **Briksdalen-Kattanakken:** Plassert ca 1,5 km frå parkeringsplass. Kassa vart plassert langs stien til Kattanakken, ca 100 meter frå brua (stikrysset).
8. **Melkevoll-Oldeskaret:** 350 meter frå parkeringsplass. Kassa stod langs stien mot Oldeskaret, langs den gamle ferdslavegen til Haugadalen.
9. **Haugadalen-Haugabreen:** Kassa stod oppe ved Haugafjellstøylen, ca 700 meter frå parkeringsplassen.
10. **Befringsdalen:** Kassa stod ved parkeingsplassen, ved steingarden på veg inn i nasjonalparken. Mest synleg på veg inn.
11. **Lunde-Lundeskaret:** 100 meter frå parkeringa. Først må ein gå langs riksvegen og krysse brua ved tunnelopninga, deretter 30 meter inn langs stien. Godt synleg.
12. **Bøyadalen/Bøyabreen:** 200 meter frå parkering, langs stien mot brevatnet, ved bresanden.
13. **Øygard-Flatbrehytta:** 100 meter frå parkering, langs stien til Flatbrehytta, øvst i lausmasseområdet over Øygarden.
14. **Supphellebreen:** 50 meter frå parkeringsplass. Kunne godt hatt to kasser her.


- 15. Tungestølen-Austerdalen:** 50 meter frå parkeringsplass. Kassa stod ved stistart ved brua, på nedsida av Tungestølen. Stien går til Austerdalen, eller ein kan gå forbi Tungestølen og inn Langedalen.
- 16. Bakken, Bakkedalen:** 15 meter frå parkering, ved stistart på Bakken mot Bakkedalen.
- 17. Bergset, Krundalen:** Avstand fra p-plass er 650 meter. Kassa vart plassert i stikryssset på grensa innmark/utmark ved bekken forbi porten. Stien går anten inn Bergsetdalen eller opp mot Tuftebreen, der nasjonalparkstyret har utbeta stien.
- 18. Nigardsbreen:** På parkeringsplass.
- 19. Fåbergstølsbreen:** 100 meter langs stien inn mot Fåbergstølsbreen. Mest synleg på veg inn i verneområdet.

I oppsummeringa på dokumentasjonsrapporten har Knagenhjelm (2017) skrive inn fylgjande: «På mange av dei travlaste lokalitetane med sjølvregistreringskasser hadde vi «kassefadderar» som jamnleg kontrollerte, tømte og etterfylte med skjema. Dette var heilt naudsynt, med slike lange avstandar som i vår nasjonalpark. Vi vurderte å ha skjema også på enkelte hytter, men på grunn av lang tilkomsttid, så blei dette nedprioritert. Lokalitetar: Prioriter Brenndalen i staden for Bakkedalen neste gong? Kanskje ein skulle hatt to kasser i Kjenndalen, eventuelt ved Supphellebreen. Treng berre ei kasse på Skåla-lokaliteten. Bør være to kasser på Hesteskysplassen. Det var stadvis teknisk krevjande å få kassene til å stå støtt, særleg i moreneområde.»

**Tabell 2:** Liste over lokalitetar med registreringskasser, og registreringstid. Sjå **Figur 3** for kart som viser lokalitetane. Henta frå Knagenhjelm (2017).

Lokalitet	Tal respondentar (N)	Tid kassa var utplassert (vekenummer) <sup>2</sup>
1. Sunddalen	63	20 – 41
2. Erdalen	301	23? – 41
3. Tjugen – Skåla	1564	20 – 41
4. Bødalen	441	24 – 40
5. Kjenndalen	2512	24 – 40
6. Briksdalen –Hesteskysplassen	3348	23 – 41
7. Briksdalen – Kattanakken	226	22 – 41
8. Melkevoll – Oldeskaret	319	20 – 41
9. Haugadalen – Haugabreen	369	24 – 40
10. Befringsdalen	93	21 – 40
11. Lunde-Lundeskaret	195	21 – 41
12. Bøyadalen/Bøyabreen	1901	19 – 41
13. Øygard – Flatbrehytta	494	19 – 40
14. Supphellebreen	1548	19 – 40
15. Tungestølen – Austerdalen	620	22 – 41
16. Bakken, Bakkedalen	10	26 – 40
17. Bergset, Krundalen	1235	23 – 41
18. Nigardsbreen	1638	20 – 41
19. Fåbergstølsbreen	284	24 – 41

<sup>2</sup> Utplasseringa varierte med snøsmeltinga og når lokalitetane var tilgjengelege (Knagenhjelm pers. medd.)



**Figur 3** Plasseringa av kasser med spørjeskjema ved innfallsporar til Jostedalsglede nasjonalpark. Sjå lista ovanfor med navn på dei nummerte lokalitetane – desse samsvarar med kartet.

Nasjonalparkforvaltninga informerte og innhenta samtykke frå grunneigarar før utplassering av utstyret i felt. Dei informerte også om prosjektet (heimesida, facebook, på nasjonalparkssentra), eller fekk oppslag i lokale media; her vart også lokalfolk spesielt oppfordra til å fylle ut skjema. Svarkassene vart ettersett i tråd med rettleiaren frå Miljødirektoratet (2018), og ein brukte dels ei «fadderordning» på dei travlast lokalitetane (Knagenhjelm 2017). Det vart ikkje gjennomført bortfallstudiar i Jostedalsglede (dvs. kor mange som berre gjekk forbi kassene utan å fylle ut skjema).

Der fleire har fylt ut kort saman er svarkortet duplisert og registrert to gonger<sup>3</sup> (Miljødirektoratet, upublisert). Berre kort fylt ut av personar over 14 år er inkludert i datafila. Totalt ble det registrert svar fra 17609 i løpet av perioden medio mai til medio oktober. Av desse var det 448 som var under 15 år; difor er talet gyldige svar (med i analysane) 17161.

<sup>3</sup> Også dersom fleire enn to personar hadde fylt ut eitt og same kort, vart det maksimalt registrert to gonger.

Nasjonalparkforvalter har hatt ansvar for å legge inn data (punsjing) frå skjema og inn i Excel. Dette fyljer standard prosedyre i rettleiaren (Miljødirektoratet 2018). Minst ti personar var engasjerte i arbeidet med denne punsjinga, pga. den store datamengda.

## 2.3 Etterundersøkinga

I kasseundersøkinga vart det samla inn totalt 3902 e-postadresser, som den oppfyljande etterundersøkinga var sendt ut til. Undersøkinga vart oppretta i den web-baserte løysinga Questback ([www.questback.com](http://www.questback.com)). Dette skjemaet inneheldt langt fleire og meir detaljerte spørsmål enn kasseskjemaet, og det fylgjer ein «standard-mal» for dei områda som dekkjast under rammeavtalen (sjå **vedlegg 2**). Det vart gjort små områdespesifikke tilpassingar og lagt til nokre spørsmål for Jostedalsbreen etter ønskje frå forvaltinga.

Undersøkinga vart sendt ut i november, og purra ialt tre gonger. Undersøkinga vart lukka for fleire svar 30 dagar etter fyrste utsending . Av dei 3902 e-postane var 1105 adresser ugyldige, slik at netto utval vart 2797 respondentar. Svarprosenten var 39; det vil seie at 1099 respondentar svara på etterundersøkinga. Dette er noko lågare enn det vi forventar; svarprosenten ligg vanlegvis rundt 50 %. Forklaringa er truleg at utlendingar ofte har noko lågare svarprosent enn nordmenn, og fyrstegongsbesøkande lågare enn dei områdeerfarne. I Jostedalen var det nettopp mange utlendingar og besøkande som var der for fyrste gong.

## 2.4 Representativiteten i etterundersøkinga samanlikna med kasseundersøkinga.

Med mindre ein gjennomfører gode bortfallsstudiar for kvar kasse og er sikker på at «alle» reelle innfallsportar er representert i materialet, så vil ein ikke vite kor godt kasseundersøkinga faktisk representerer bruken/brukarane/brukarvariasjonen i studie-området. En bortfallsstudie undersøker dei same variablane (eller eit utval) som er på kasseskjemaet blant dei som vel å ikkje svare på kasseskjemaet (munnleg skjemaintervju på staden). Bortfallsstudiar i andre område har blant anna vist at lokalfolk i mindre grad fyller ut skjema (Vistad 1995, Kaxrud Wilberg 2010, Vorkinn & Andersen 2010). Dei lokale argumenterer ofte med dei trur undersøkinga mest gjeld dei tilreisande.

Representativiteten i etterundersøkinga samanlikna med kasseundersøkinga er vist i **Tabell 3**. Dei identiske variablane for både undersøkingane var kjønn, alder, nasjonalitet/bustad, friluftslivserfaring og tidligare besøk.

**Tabell 3:** Representativitet: etterundersøkinga samanlikna med kasseundersøkinga, for same spørsmål.

	Selv.reg.undersøkelse	Etterundersøkelse
<b>Alder, gjennomsnitt</b>	44 år (n=16265)	46 år (n=1099)
<b>Kvinnedel</b>	52 % (n=17108)	46 % (1099)
<b>Del nordmenn</b>	25 % (n=17161)	34 % (n=1099)
<b>Del lokalt busette</b>	3 % (n=17161)	6 % (n=1099)
<b>Del fyrstegongsbesøkande</b>	71 % (n=17126)	46 % (n=1099)
<b>Gjennomsnittleg tal somrar/vintrar i omr. før</b>	6 (n=4604)/ 9 (n=715)	9 (n=490) / 12 (n=132)
<b>Tidligare erfaring med lengre tur</b> (aldri / > 20 gonger på lengre tur)	41% / 17% (n=16869)	10 % / 11 % (n=1099)

Delen lokalt busette (dvs. frå kommunane Luster, Sogndal, Jølster, Balestrand, Førde, Gloppen eller Stryn) var ganske lik i dei to utvala, men faktisk med ein liten auke i delen lokale i etterundersøkinga. Dette i motsetnad til det vi ofte finn, nemlig at delen lokale er høgare i

kasseundersøkinga (Selvaag mfl. 2017a, Vorkinn 2016, Wold & Selvaag 2017 a, b). Aldersgjennomsnittet gjekk litt opp i etterundersøkinga. Både undersøkingane hadde god representasjon frå ulike aldersgrupper. I etterundersøkinga var det noko færre av dei yngste (15-30 år)<sup>4</sup> og tilsvarande noko fleire frå dei eldre aldersgruppene<sup>5</sup>. I gjennomsnitt er talet tidligare år med erfaring frå området relativt lik – men noko fleire med lenger erfaring frå Jostedalsbreen i etterundersøkinga (både sommar og vinter). Kjønnfordelinga er også relativt stabil, men noko færre kvinner i etterundersøkinga; dette er også registrert i andre område (se f.eks. Selvaag mfl. 2017a, Vistad mfl. 2017, Vorkinn 2016, Wold & Selvaag 2017 a, Wold mfl. 2017).

Fordelinga mellom nordmenn og utlendingar endrar seg litt; det er relativt færre utlendingar, men like fullt 66 % i etterundersøkinga (mot 75 % før). Den største endringa er knytt til to variablar: Det blir tydeleg færre fyrstegongsbesøkande (frå 71 til 46 %), og det blir færre utan tidlegare langturefaring. At fyrstegongsgjestene blir «borte» kjenner vi frå før (sjå Vorkinn 2016, Selvaag mfl. 2017a, Vistad mfl. 2017, Wold & Selvaag 2017 a, Wold mfl. 2017). Det er heller ikkje overraskande dei mindre friluftserfarne blir «borte» - dei har truleg opparbeidd mindre interesse for temaet friluftsliv og turisme natur og verneområde. Dette mønsteret finn vi også i andre undersøkingar (f.eks. Vistad mfl. 2017, Wold mfl. 2017, Vorkinn 2016).

Vi har valt å ikkje vekte analysen og presentasjonen av datamaterialet frå etterundersøkinga. Å vekte data inneber å gje svara frå nokre respondentar større tyding (t.d. dei fyrstegongsbesøkande). Ei eventuell vektning blir gjort ved å gje den aktuelle gruppa ein unik koeffisient for å få fram den opprinnelige fordelinga. Men vektning føreset at dei fyrstegongsbesøkande som fall frå i etterundersøkinga er lik den gruppen av fyrstegongsbesøkande som er att i etterundersøkinga. Dette mistenkjer vi at ikkje er tilfellet – t.d. er dei som er att truleg meir turerfarne. For å få fram moglege viktige nyansar vil vi – for enkelte presentasjonar – splitte på *fyrstegongsbesøkande* og *fleirgongsbesøkande* og mellom *nordmenn* og *utlendingar* for å vise eventuelle forskjellar mellom disse segmenta.

## 2.5 Analyse og framstilling av data

Rådata frå både kasseundersøkinga og etterundersøkinga vart importert til dataprogrammet SPSS (se f.eks. Field (2009)) og alle analysar vart gjennomført der. Figurar er laga i Excel. For dei variablene som er like i både kasse- og etterundersøkinge (sjå **tabell 3**) er det data fra kasseundersøkinga som vert presentert i resultatdelen – dette fordi tal respondentar i kasseundersøkinga er høgare (og derfor sannsynligvis meir gyldig for situasjonen i Jostedalsbreen).

I oppdragsskildringa vår er det uttrykt ønskje om at resultatata for Jostedalsbreen skal samanliknast med funn fra brukarundersøkingar i andre nasjonalparkar eller større verneområde. For mange av funna i Jostedalsbreen viser vi derfor også til tilsvarande tal frå andre område eller seier noko om korleis funn i Jostedalsbreen relaterer seg til andre funn. Det er særleg undersøkingar gjennomført av NINA i 2016 som har fleste likearta spørsmål med dei for Jostedalsbreen og flest samanlikningar blir difor gjort med desse områda (Fulufjellet, Sølen, Trollheimen, Skarvan-Roltdalen og Breheimen). Vorkinn (2016) samanliknar i sin rapport funn frå Femundsmarka og Gutulia med mange tidligare undersøkingar frå andre område. Når vi referer til Vorkinn referer vi då nettopp desse sammenlikningane og ikkje berre til funna for Femundsmarka/Gutulia.

Dette oppdraget er fyrst og fremst å rapportere funn for Jostedalsbreen. Samanlikningar som blir gjort er ofte av meir beskrivande art, men skulle likevel svare til forventninga om å samanlikne funna for Jostedalsbreen med andre område.

<sup>4</sup> Alder 15-30 år: 16 % i etterundersøkinga, 25 % i kasseundersøkinga.


<sup>5</sup> Alder 31-45 år: 30 % i etterundersøkinga, 27 % i kasseundersøkinga. Alder 46-60 år: 36 % i etterundersøkinga, 33 % i kasseundersøkinga. Alder over 60 år: 18 % i etterundersøkinga, 15 % i kasseundersøkinga.

I rapporten må vi også gjennomgåande bruke ei beskrivande form, fordi vi ikkje har gjort feltarbeid eller kjenner lokale forhold i nasjonalparken godt nok til å vurdere og tolke mange av funna.

## 3 Mengda bruk

### 3.1 Registrering ved hjelp av ferdselsteljingar

SNO har gjennomført automatiske ferdselsteljingar i seks teljepunkt rundt Jostedalubreenn nasjonalpark. Disse er rapporterte i SNOs årsrapport for 2017 (Rudsengen 2018). Teljarane er av typen EcoCounter og sensoren i teljaren reagerer på kroppsvarme frå den/det som passerer langs stien. I prinsippet er teljaren retningsspesifikk (om folk går ut av eller inn i området) og registrerer når passering skjer. Sjølve sensoren blir plassert slik at strålen registrerer folk og helst ikkje beitedyr som sau eller geit (om lag 1,2 meter over bakken). Plasseringa av kassene er vist i **Figur 4** (henta frå årsrapporten til SNO – Rudsengen 2018).



**Figur 4** Plassering av seks automatiske teljarar (rosa punkt) og 19 sjølvregistreringskasser (blå punkt). Teljaren i Raudalen er plassert i Breheimen nasjonalpark.

I det fylgjande kopierer vi frå årsrapporten til SNO (Rudsengen 2018, s. 10-11), inkludert tabellen nedanfor (**tabell 4**) og omtala av enkeltteljarane på neste side.

**Tabell 4.** Tabell med teljardata, henta frå Rudsengen (2018).

Plassering	Tidsperiode	Begge retningar	Inn i nasjonalparken	Ut av nasjonalparken
Skåla	23.juni-10.okt	26 415	13 254	13 161
Kattanakken	1.juni-27.okt	6 099	3051	3048
Austerdalen	29.mai-2.okt	3988	2781	1207
Tuftebresteinen	7.juli-9.okt	1 222	735	487
Raudalen	23.juni-8.okt	498	431	67

**«Skåla:**

Tellaren var plassert langs stien på ca. 600 moh og det er same stad som det har vore ferdsestellar tidlegare. "Skåla Opp" er den dagen med absolutt flest passeringar med kring 1500 personar ein veg. Elles så er det lett å lese frå statistikken at mange går samstundes opp, og at mange passerer elva kring kl. 10:00, medan passeringar på veg ned igjen spreiar seg over eit lengre tid mellom kl. 15:00 og 18:00.

**Kattanakken:**

Tellaren stod på flata i starten av stien før ein starta oppstigninga. Her er det nokre overraskande høge tal på nokre dagar, og onsdagar er den dagen med flest passeringar gjennom året. Samanlikna med alle som passerer ved souvernierbutikken gjennom sommaren, ca. 300 000, så er det ca 1 prosent som går på stien i retning Kattanakken.

**Austerdalen:**

Ferdsestellaren har stått langs stien innafor Tungestølen i retning Austerdalsbreen, men før ein kjem ned på elveflata. Her må ein rekne med at dei besøkande har gått same veg både inn og tilbake (ut), ettersom det ikkje er andre stiar ut av dalen. Det er difor grunn til å tru at det er feil på registreringane ettersom inn- og ut-tala er så ulike.<sup>6</sup>

**Tuftebreen:**

Her stod tellaren ved stien på moreneryggen kring 100 høgdemeter opp frå dalbotna. Dette var ein tellar som sendte registreringane til ein database undervegs. I starten fekk ein inn overraskande høge passeringar på tidleg kveld. Truleg fordi sensoren vart påverka av sollyset. Dette vart endra, og tala i tabellen er frå denne nye dato.

**Raudalen:**

Tellaren stod langs Ytste Leirvatnet i Raudalen i Skjåk, i Breheimen nasjonalpark. Forbi her går stien på den gamle ferdsestevgen mellom Stryn og Skjåk, som går over Kamperhamrane i Jostedalbreen nasjonalpark. Litt store skilnader på inn- og ut-tala, men her er det truleg ein del som starter i aust og passerer gjennom dalen på veg til Kamperhamrane og vidare ned i Sunndalen. I tillegg til at området vert nytta i reinsjakta, og jegerane følgjer stien lite under jakt.

**Sunndalen:**

Tellaren var plassert langs starten av stien mot Sunndalsetra. Dessverre har det ikkje vore mogleg å hente ut informasjon frå denne tellaren.»

I Rudsengen (2018) er det også vedlegg som viser detaljar rundt teljingane sommaren 2017 – eitt vedlegg pr teljar.

<sup>6</sup> NINAs erfarings-kommentar: Det er truleg at totaltalet stemmer godt, men når teljaren har problem med å registrerer retning så vert desse usikre registrert på éin retning, her Inn. Å dele totaltalet på to gjev difor god meining for total mengde personar som har passert.



### 3.2 Kassemetoden – kan den vise bruksmengda?

Det vart samla inn gyldige skjema frå 17161 respondentar. Tal utfyllde kort gjev ikkje eit direkte tal på brukarmengda. Og om vi samanliknar med dei fem gyldige automatiske teljepunkta i kapitlet over (**tabell 4**, kolonne 'begge retningar' – delt på to), så ser vi at desse fem aleine registerer fleire enn dei 19 registreringskassene samla. Kor godt kasseregistreringa avspeglar bruksmengda avheng av fleire ting: korleis undersøkinga er praktisk gjennomført, kor godt ein har dekt opp innfallsportane til området med kasser, og om parken eignar seg for «kassemetoden» (sjå neste avsnitt om Varangerhalvøya nasjonalpark). I tillegg er det alltid mange brukarar som passerer kassene utan å fylle inn kort, og denne fråfallsprosenten varierer frå kasse til kasse. Men ei godt gjennomført kasseundersøking vil gje eit bilete av bruken og fordelinga av bruken på ulike innfallsportar. Difor er det også meningsfylt å samanlikne tala med andre verneområde.

Jostedalsbreen høyrer til nasjonalparkane som har svært mange besøkande. Av 22 tilsvarende undersøkingar som er gjennomført i store verneområde dei siste åra har Jostedalsbreen NP i gjennomsnitt flest skjema per svarkasse (n=903). I Jotunheimen (2010), Rondane (2009) og Trollheimen (2016), som er dei områda der det tidlegare er samla inn flest svar, var tala høvesvis 9110, 8234 og 7917 utfylte kasseskjema (Vorkinn 2016, Wold mfl. 2017). På Varangerhalvøya, som er det området vi kjenner til der færrest har fylt inn kassekort, vart det samla inn skjema frå 222 respondentar (Vistad mfl. 2014), endå Varangerhalvøya er ein veldig stor nasjonalpark. Men det viktige her er at den har svært få stiar og lite infrastruktur og det er heilt på grensa å bruke registreringskasse-metoden der (som føreset stiar/turruter). Fulufjellet nasjonalpark er ein liten nasjonalpark som også har lite tilrettelegging; der vart det fylt ut 358 skjema (Wold & Selvaag 2017b). Verneområde varierer mykje i storleik, tilretteleggingsgrad, bruksomfang og popularitet. At Jostedalsbreen nasjonalpark er stor, har typisk «attraktivt landskap», ikkje minst har mange tydlege innfallsportar (som er eigna for kassemetoden) og er kjent som ein «besøkspark», er viktige faktorar i denne sammenheng. Så lenge kassene er godt plasserte og fangar opp dei viktige innfallsportene, så er dette dei viktigaste kriteria på at tal utfylte skjema gjev ein god indikasjon på bruksmengde.

For å kunna rekne seg frå tal utfylte skjema til totalt besøkstal for parken, så måtte ein ha gjort bortfallstudiar ved kassene. Dette er tidkrevjande å gjennomføre.

## 4 Indikatorsett for bruken/brukarane av Jostedalsbreen nasjonalpark

Indikatorsettet for brukarane i Jostedalsbreen nasjonalpark sommaren 2017 er vist i **Tabell 4**. Funna blir meir utdjupa vidare i rapporten. Indikatorsettet summerer det brukarane svara å dei utfylte kassekorta.

**Tabell 4:** Nøkkeltal/indikatorar for dei besøkande i Jostedalsbreen nasjonalpark sommaren 2017, registrert gjennom dei 19 innfallsportane.


JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK			
Tal innsamla skjema 2017: 17161 (15 år og eldre)			
Del nordmenn (n=17161)	25 %	Tidligare erfaring med lengre tur (prosentdel for hv. Aldri / > 20 gonger, n=16869)	41% / 17%
Del fyrstegongsbesøkande (n=17126)	71 %	Del låg-puristar (n=10769)	68 %
Del som er på dagstur (n=16183)	86 %	Del mellom-puristar (n=10769)	23 %
Varigheit dagstur (gj.snitt timar) (n=12888)	3,9 t.	Del høg-puristar (n=10769)	9 %
Varigheit fleirdagerstur (gj.snitt dagar) (n=2244)	3,4 d. <sup>7</sup>	Kvinnedel (n=17108)	52 %
Del som er med på organisert tur (n=17030)	9 %	Del lokalt bosette (Luster, Sogndal, Jølster, Balestrand, Førde, Gloppen eller Stryn) (n=17161)	3 %
Alder, gjennomsnitt (n=16265)	44 år	Del som går med barn under 15 år i fyljet (n=17035)	21 %

<sup>7</sup> Nasjonalparkforvaltaren meiner dette talet må vere for høgt, og fryktar at mange respondentar har misforstått og svara om opphaldet i Jostedalsbreamrådet/distriktet. Dette kan tenkjast, men spørsmålet er tydeleg på tid til «Kor lang tid brukar du på denne turen i Jostedalsbreen nasjonalpark» - sjå vedlegg 1. Vorkinn (1992) fann også liknande tal: 17 % var på fleirdagarstur på breen, og snittet var 3,1 dagar. Her må vi gå ut frå at svara er pålitelege. Ideelt sett burde skjemaet hatt spørsmål om både lengda på opphaldet i verneområdet og på opphaldet i distriktet rundt Jostedalsbreen.

## 5 Generelle trekk ved dei besøkande

### 5.1 Kjønn, alder, utdanning, bustad

Det er noko fleire kvinner enn menn blant dei besøkande (52 % kvinner, N=17108). Av dei som svarta (og vart svart for) på kasseskjemaet, var det 448 personar med ein alder mellom 1 og 14 år og deira svar er difor ikkje brukt i analysen (desse kjem altså i tillegg til N=17108). For resten var aldersspennet frå 15 til 93 år og gjennomsnittet var 44 år (n=16265). **Figur 5** viser aldersfordelinga for dei besøkande, inndelt i fire grupper.



**Figur 5** Aldersfordeling blant dei besøkande, oppgitt i prosent (n=16265).

Dei fleste besøkande har høg utdanning; 72 % har høgskule-/universitetsutdanning. Vidare har 24 % vidaregåande utdanning og 4 % avslutta etter grunnskule (n=1099). At det er mange med høg utdanning finn ein i dei fleste tilsvarende brukerundersøkingar (sjå f.eks. Vorkinn 2016, Vistad mfl. 2017, Wold & Selvaag 2017a, b).

Berre ein fjerdedel av de besøkande var nordmenn (sjå **Figur 6**). Blant dei norske var 16 % busette i lokalkommunane rundt verneområdet<sup>8</sup> – dette utgjør vel 3 % av dei besøkande totalt (n=17161). Lokalkommunene er Luster, Sogndal, Jølster, Balestrand, Førde, Gloppen og Stryn. Det vil seie at heile 97 % var **tilreisande** til området, men erfaring frå andre undersøkingar tyder (som tidlegare sagt) på at dei lokale i mindre grad enn tilreisande har fylt ut kasseskjema. Totalt er 5 % frå Sogn og Fjordane; denne gruppa utgjør 22 % av nordmennene.


Tre av fire er altså utlendingar, og tyskarane har den klart største andelen (25 % av de besøkande totalt). Nederlendarar og belgiarar var også store grupper (høvesvis 11 % og 5 %). Desse tre nasjonane utgjorde 61 % av alle utenlendingar (n=12820). Totalt var det imponerende 83 nasjonalitetar, i tillegg til nordmenn, registrert i Jostedalsbreen Nasjonalpark. Sjå lista over land i **vedlegg 9**.

Samanliknar vi nasjonsfordelinga i Jostedalsbreen med andre nasjonalparkar/verneområde (**Figur 6**) så har Jostedalsbreen langt flest utlendingar. Det er ikkje opplagt kvifor det er slik, men vi ser av figuren at alle områda som ligg øvst (dvs. har flest utlendingar) gjeld nye undersøkingar (2016 og 2017). Kanskje er dette utslag av eit nytt besøksmønster? På den andre sida: Det vart gjort ei kasse-undersøking rundt Jostedalsbreen alt i 1989<sup>9</sup> (Vorkinn 1992; Vistad mfl. 1993),

<sup>8</sup> Basert på oppgitte postnummer, n=3718


<sup>9</sup> Undersøkinga blant dei som brukte stiane rundt Jostedalsbreen i 1989 omfatta 13 kasser/innfallsportar og det vart samla inn 2827 skjema – frå om lag 20/6 til 10/9

som viste at 60 % av brukarane var utlendingar, og gjennomført personintervju med skjema, i Brikisdalen i 1990 (Aas & Vorkinn, 1991) der 68 % var utlendingar, og bae desse vart gjort før Jostedalsbreen vart nasjonalpark. Altså har utlendingsdominansen stått sterkt lenge i og rundt Jostedalsbreen. Truleg er kombinasjonen av Vestlandet, fjordar og brear ein sterk og attraktiv mix for utlendingar. Ein truleg viktig skilnad frå 1989 er at no er 1/3 av utlendingane tyskarar, og den gong utgjorde dei halvparten av utlendingane (Vorkinn 1992). Sogningane utgjorde også noko fleire (relativt sett) i 1989 – 9 % av alle brukarane.



**Figur 6** Nasjonalitet i Jostedalsbreen NP 2017, i prosent ( $n=17161$ ) til venstre. Same fordeling samanlikna med andre nasjonalparker/verneområde til høgre (tal henta frå Andersen & Gundersen 2010, Andersen & Gundersen 2016, Gundersen mfl. 2013, Vistad mfl. 2014, Vistad mfl. 2017, Vorkinn & Andersen 2010, Vorkinn 2016, Selvaag mfl. 2017 a, b, Wold mfl. 2012, Wold & Selvaag 2017a, b, Wold mfl. 2017 + eigne analysar (foreløpig upublisert, for Hardangervidda, Rago, Saltfjellet, Junkerdal, Skjækerfjella og Lierne frå 2017).


I etterundersøkinga vart respondentane bedne om å oppgje kva tilknytning dei har til området (sjå **Figur 7**). Det var 7 % som var busette i lokalkommunane og 9 % som hadde tilknytning til området i form av å eige hytte/seter. Samanlikna med Sølén, Fulufjellet, Trollheimen og Breheimen er delen hytte/seter-eigarar ganske låg (hv. 76% i Sølén og 72 % i Fulufjellet, 36% i Trollheimen og 17 % i Breheimen) (Vistad mfl. 2017, Wold & Selvaag 2017a, b, Wold mfl.2017). Dette er ikkje overraskande sidan mengda utlendingar er så stort. Like fullt: det er stølar og stølsdrift rundt Jostedalsbreen og ein del private hytter nær parken.



**Figur 7** Kva tilknytning dei besøkande har til Jostedalsbreen nasjonalpark, i prosent,  $n=1099$ .

## 5.2 Friluftslivserfaring og friluftslivsinteresser

**Figur 8** viser kva erfaring brukarane har med langtur-friluftsliv. Mange (2 av 5) har aldri vore med på langtur, noko som viser at det er mange uerfarne friluftslivutøvarar i Jostedalsbreen nasjonalpark. Men det er stor variasjon og relativt mange som også hadde vore med på slike turar 2-5 gonger og mer enn 20 gonger. Det var relativt flere nordmenn enn utlendingar som hadde erfaring med fleirdagarsturar<sup>10</sup>.



**Figur 8** Kor mange gonger brukarane har vore på fleirdagars fot/skitur, i prosent ( $n=16869$ ).

Eit liknande spørsmål vart stilt i 1989 (Vorkinn 1992), og graden av langturefaring var kanskje ganske lik; 38 % hadde aldri vore på slik langtur, medan 43 % hadde 5 år eller meir med erfaring frå langtur på ski eller til fots.

<sup>10</sup> Nordmenn  $M=3.3$ ,  $SE=0.0297$ , Utlendinger  $M=2.7$ ,  $SD=0.0164$ ,  $t(7060)=17.134$ ,  $p<0.001$

Prosentdel for hv. aldri/meir enn 20 gonger:


Nordmenn: 32 % / 23 % ( $n=4287$ )

Utanlandske: 44 % / 14 % ( $n=12582$ )

Interessa for ulike typar friluftsliv vart kartlagt i etterundersøkinga, der ulike aktivitetar vart definert slik:

- **Tradisjonelt haustingsfriluftsliv** (mautauk som viktig motiv, med jakt, fiske, bær/sopplukking)
- **Turfriluftsliv** (turar til fots og/eller på ski)
- **Moderne friluftsliv** (aktivitetar som krev spesielle ferdigheitar og utstyr, t.d. terrengsykling, klatring, kiting, elvepadling, hanggliding, randonee)
- **Motoriserte utandørsaktivitetar** (t.d. båtsport, snøskuterkøyring)


Ikkje uventa er særleg interessa for turfriluftsliv stor (**Figur 9**). Nesten alle respondentane oppgav at dei var *interessert* eller *svært interessert* og det var kun 2 % som var heilt uinteressert i denne friluftslivsforma. Interessa for haustingsfriluftsliv er også relativt stor, men langt mindre enn for turfriluftsliv; 43 % oppgav at dei er *interessert* eller *svært interessert*. Motoriserte utandørsaktivitetar er den minst interessante aktivitetsforma. Her oppgav 72 % at de ikkje var interessert i det heile tatt. Moderne friluftsliv er også mindre interessant, men 31 % var *interessert* eller *svært interessert* i slike aktivitetar. **Figur 9** viser altså at brukarane særleg har interesse for dei meir tradisjonelle friluftslivsaktivitetane tur og hausting. Dette er ganske likt det ein har funne i fleire andre nasjonalparker og verneområde. Vorkinn (2016), Selvaag mfl.(2017a), Vistad mfl. (2017), Wold & Selvaag (2017 a, b) og Wold mfl. (2017) har presentert tilsvarande funn frå Femundsmarka, Langsua, Reinheimen, Jotunheimen, Rondane, Sølén, Fulufjellet, Trollheimen, Skarvan og Breheimen, med parallell interesse for særleg turfriluftsliv.



**Figur 9** Interesse blant brukarane for ulike former for friluftsliv, i prosent (n=1099).

### 5.3 Turfylgjet

Dei færraste var på tur aleine, 95 % gikk i fylgje med andre (**Figur 10**). Eit gjennomsnittleg turfylgje var på 4 personar (inkludert den som har fylt ut skjemaet). Vel 3 % gjekk i fylgje med meir enn 10 personar og i den største gruppa var der 298 personer. Ein femdel hadde med barn under 15 år i turfylgjet; dette er om lag som det vi finn i mange andre nasjonalparker (**Figur 10**), men vi kan slå fast at området er populært for familieggrupper. Knappt kvar tiande person (n=17030) var på ein organisert tur då dei fylte ut skjemaet. Dette er ganske høgt, og ulike guida turar og kommersielle buss- eller cruiseturar var dei vanligaste organiserte turane. Oppleving av/vandring på bre vart nemnt som den vanlegaste aktiviteten. Tur i regi av barnehage/skule/studiar eller turistforeining vart også ofte nemnt.




**Figur 10** Gruppestorleik, til venstre (n=16824), og kor mange som går med barn i fylgjet, til høgre (n=17035).

## 5.4 Tidlegare besøk og kjennskap til Jostedalsbreen nasjonalpark

I underkant av  $\frac{3}{4}$  av dei besøkande var i Jostedalsbreen nasjonalpark for fyrste gong sommaren 2017 (**Figur 11**). Samanlikna med dei fleste andre nasjonalparkar der vi har slike data, så ligg Jostedalsbreen svært høgt i del fyrstegongsbesøkande. Rago og Ånderdalen ligg høgare, men har til gjengjeld langt færre besøkande – sjå Selvaag & Wold 2018. Både Langsua, Dovrefjell, Jotunheimen, Femundmarka, Reinheimen, Gutulia, Skarvan, Breheimen, Varangerhalvøya, Hallingskarvet, Fulufjellet, Forollhogna og Sølen landskapsvernområde hadde relativt færre fyrstegongsbesøkande, men med variasjon mellom 16 % til 61 % (Andersen & Gundersen 2016, Gundersen mfl. 2017, Selvaag mfl. 2017a, Vistad mfl. 2017, Vistad mfl. 2014, Vorkinn 2016, Wold & Selvaag 2017 a, b). Det meste av forklaringa er nok den store mengda utlendingar. Tala viser at 80 % av utlendingane var i Jostedalsbreen nasjonalpark for fyrste gong, medan den tilsvarende delen for nordmennene var langt lågare (43 %). For dei nordmennene som er lokalt busette var delen fyrstegongsbesøkande som forventa endå lågare (16 %).

Blant dei som hadde vore i Jostedalsbreen NP før var det spesielt mange som hadde vore der sommarstid (totalt 98 %); langt færre (16 %) vinterstid. I snitt har dei som har besøkt området før vore her 6 somrar (n=4604) og 9 vintrar (n=715). Dei med lokal-erfaring har altså vore der relativt mange gonger, noko som er litt overraskande sidan det er så få lokale og hytteigarar.




**Figur 11** Prosentdelar fyrstegongs- og fleirgangsbesøkande i Jostedalsbreen, til venstre ( $n=16871$ ), og prosentdelar blant fleirgangsbesøkande som har besøkt området i ulike sesongar, til høgre ( $n=4770$ ).

**Figur 12** viser kor knytt brukarane **føler seg** til Jostedalsbreen nasjonalpark. Eit lite fleirtal (57 %) følte seg rundt middels knytt (verdi 3-5) til området. Færre enn 1 av 10 følte ei svært sterk tilknytning, noko som ein må forvente sidan sju av ti var fyrstegongsbesøkande. Kjensla av tilknytning heng oftast saman med lengre tids bruk og erfaring fra området. Blant dei som har besøkt området før var det 52 % som oppgav at dei følte ei tilknytning over middels (verdi 5-7). Det same gjaldt for 30 % av dei fyrstegongsbesøkande. Og overraskende nok er det ikkje nokon forskjell i gjennomsnittsverdi mellom nordmenn og utlendingar<sup>11</sup>. I gjennomsnitt for alle var kjensla av tilknytning litt under middels, med ein skår på 3,9. Gjennomsnittskåren for Breheimen og for Skarvan-Roltdalen var 4,2, men desse to områda hadde også ein lågare del fyrstegongsbesøkande enn Jostedalsbreen (høvesvis 40 % og 46 %) (Selvaag mfl. 2017a, Vistad mfl. 2017). Sølen, Fulufjellet og Trollheimen hadde gjennomsnittskår på høvesvis 5,2, 4,8 og 4,6, men i desse områda var delen fyrstegongsbesøkande endå lågare og slik sett i tråd med det ein skulle forvente (Wold & Selvaag 2017a, b, Wold mfl. 2017).

Funna for Jostedalsbreen minner noko om funna i Rago nasjonalpark (Selvaag & Wold 2018), der det også er svært mange fyrstegongsbrukarar (7 av 10), og der gjennomsnittskåren for alle er på 4,3 (altså ei kjensle av sterkare enn middels tilknytning). Det er mogleg at fleire av dei som svarar i Jostedalsbreen og Rago legg ei vid(-are) tolkning av spørsmålet om tilknytning, t.d. som tilknytning til denne typen område (=nasjonalpark?)/landskap/oppleving, enn det ein finn i andre område?

<sup>11</sup> Nordm.  $M=3,75$ ,  $SE=0,108$ ; Utlend.  $M=3,91$ ,  $SE=0,062$ ,  $T(1097)=-1,421$ ,  $p>0.1$ .





**Figur 12** Prosentfordeling som viser kor knytt brukarane føler seg til Jostedalsbreen nasjonalpark ( $n=1099$ ).

## 5.5 Dei besøkande sine grunnar for å besøke Jostedalsbreen nasjonalpark


Brukarane vart bedne om å krysse av på ei liste kor viktig ulike grunnar var for at dei besøkte Jostedalsbreen nasjonalpark i 2017 (**Figur 13**). Det vart lista opp åtte ganske generelle grunnar og seks grunnar som var meir spesifikke og tilpassa området. Desse siste omhandla det å gå topptur på Skåla, oppleve Josten på langs, området er godt egnet for bruk i forskning/undervisning, oppleve/gå på isbre, muligheter for å oppleve/studere geologi eller planter. Kva grunnar som er viktige for brukarane vil også henge saman med/påverke aktivitetsutøvinga, kva slag tur ein er på m.m. Generelt ser vi at veldig mange av dei moglege grunnane skårar under middelerdien (4). Den klart viktigaste grunnen var *naturoppleving*, noko ein finn i nær sagt «alle» naturbruks-undersøkingar i Noreg – også utanfor verneområde. Her kan vi vise til same funn i Trollheimen, Skarvan, Breheimen, Fulufjellet, Sølen, Rondane, Jotunheimen, Reinheimen, Femundsmarka og Langsua, sjølv om ordlyden er noko ulik mellom undersøkingane og ikkje kan sammenliknas direkte (Vorkinn 2016, Selvaag mfl. 2017a, Wold & Selvaag 2017a, b; Vistad mfl. 2017). I Jostedalsbreen vart formuleringa *oppleve en helt spesiell natur* brukt. Også det å *oppleve/gå på isbre* fekk høg gjennomsnittsverdi. At *området er godt tilrettelagt med stier og turisthytter* er i gjennomsnitt den tredje viktigaste grunnen for dei besøkende.

Ni av grunnane får ein gjennomsnittsskår under middelerdien 4. Dette kan henge saman med at mange av grunnane er for spesifikke og difor ikkje aktuelle for alle type turar, aktivitetar eller besøkende, og difor vert også gjennomsnittet trekt ned.

Det vart testa om det var signifikante forskjellar mellom nordmenn og utlendinger, og for 11 av grunnane var det det. At *det er fjelltopper å gå på, å gå topptur på Skåla, gode jakt- og fiskemuligheter* var viktigere for nordmenn enn for utlendinger<sup>12</sup>.

<sup>12</sup>Fjelltopper å gå på: Nordm.  $M=4,4$ ,  $SE=0,107$ ; Utlend.  $M=3,4$ ,  $SE=0,072$ ,  $T(1085)=8.099$ ,  $p<0.001$   
 Gå topptur på Skåla: Nordm.  $M=4,6$ ,  $SE=0,133$ ; Utlend.  $M=2,6$ ,  $SE=0,082$ ,  $T(616)=6.400$ ,  $p<0.001$   
 Gode fiskemuligheter: Nordm.  $M=1,9$ ,  $SE=0,084$ ; Utlend.  $M=1,62$ ,  $SE=0,055$ ,  $T(657)=3.169$ ,  $p<0.05$   
 Gode jaktmuligheter: Nordm.  $M=1,4$ ,  $SE=0,059$ ; Utlend.  $M=1,2$ ,  $SE=0,030$ ,  $T(531)=3.867$ ,  $p<0.001$

Heile 8 grunnar var viktigere for utlendingane enn for nordmennene<sup>13</sup>. Desse grunnane handla spesielt om ulike naturkvalitetar, og det å oppleve/gå på isbre. Legg også merke til at utlendingar er meir opptatt av at det er få andre turistar i området, og at terrenget er lett å ferdast i.




**Figur 13** Gjennomsnittskår for kor viktig ulike grunnar var for at ein valde å besøke Jostedalsbreen nasjonalpark siste år, fordelt på nordmenn og utlendingar. Skala frå 1 «ikkje viktig i det heile tatt» til 7 «svært viktig» (n=1099).

<sup>13</sup> Opplive spesiell natur: Nordm. M=6,3, SE=0,059; Utlend. M=6,7, SE=0,028, **T(539)=-5.558, p<0.001**  
 Se dyr/fugler: Nordm. M=3,3, SE=0,092; Utlend. M=4,2, SE=0,067, **T(1058)=-7.485, p<0.001**  
 Opplive/gå på isbre: Nordm. M=3,8, SE=0,123; Utlend. M=5,4, SE=0,067, **T(568)=-11.107, p<0.001**  
 Få andre i området: Nordm. M=3,5, SE=0,101; Utlend. M=4,5, SE=0,070, **T(1038)=-8.659, p<0.001**  
 Terrenget er lett: Nordm. M=3,8, SE=0,098; Utlend. M=4,8, SE=0,062, **T(649)=-8.653, p<0.001**  
 Opplive/studere planter: M=2,5, SE=0,092; Utlend. M=3,3, SE=0,077, **T(812)=-6.506, p<0.001**  
 Opplive/studere geologi: M=3,0, SE=0,099; Utlend. M=3,6, SE=0,079, **T(776)=-4.718, p<0.001**  
 Opplive Josten på langs: M=2,4, SE=0,10,6; Utlend. M=4,1, SE=0,084, **T(737)=-12.743, p<0.001**

## 5.6 Idealområde og purismegrad

Respondentane vart bedne om synet på åtte ulike tilhøve i deira tenkte «idealområde» for ein lengre tur i skogs- eller fjellterreng om sommaren. Desse svara er altså ikkje knytt direkte til Jostedalsbreen (sjå meir om dette i kapittel 2.1). **Figur 14** viser gjennomsnittsskår for dei åtte variablane. Generelt er respondentane meir enn gjennomsnittlig positive til dei fleste av dei omspurte forholda. Brukerne var svært positivt til merking, både i form av *god skilting ved stistart/stikryss* og at det finst *merkte stiar* i idealområdet. Det same gjeld det å legge *trestokkar der stien går over våt myr*. Det å *kunne gå milevis utan å møte eit menneske* fikk også ganske høg gjennomsnittsskår. At det finst *hytter med matsservering og oppreidde senger* i området og å *møte mange andre friluftsfolk i løpet av turen* var respondentane derimot meir negative til.




**Figur 14** Respondentanes gjennomsnittsskår når det gjeld preferansar for tilstandar i eins ideelle langturområdet, på ein skala fra 1 svært negativt, via 4 nøytralt, til 7 svært positivt.

Fra svara på desse åtte variablane<sup>14</sup> kan ein kategorisere den totale gjennomsnittsskåren for alle inn i det vi kaller purismegrad. Denne er eit bilete på brukarens preferanse for grad av tilrettelegging og for toleranse/preferanse for det å møte andre menneske når ein er på tur. Lågpuristar føretrekkjer fysisk tilrettelegging og føretrekkjer/aksepterer å møte (mange) menneske på tur. Høgpuristar føretrekkjer lite tilrettelegging og vil i større grad vere aleine på tur. Når vi delar inn respondentane i purismeklasse så får at lågpuristar utgjør 68 %, mellompuristar 23 % og høgpuristar 9 % (sjå **Figur 15**). Utlendingar ( $M=3.3$   $SE=0.009$ ) var meir puristiske enn nordmenn ( $M=2.9$ ,  $SE=0.018$ )<sup>15</sup>. Dette finn vi også i andre område (Vistad & Vorkinn 2012, Vorkinn 2016, Selvaag mfl. 2017a, Vistad mfl. 2017, Wold & Selvaag 2017a, b).

<sup>14</sup> Her er 7 av utsegnene «snudd» for å få alle på samme skala: purismeskalaen: til høgare verdi, til meir puristisk.


<sup>15</sup>  $t(4517)=-20.404$   $p < 0.001$



**Figur 15** Inndeling i tre purismeklasser basert på gjennomsnittskåren for åtte variabler som omhandler tilrettelegging og det å møte folk i et tenkt idealtur-område, i prosent. Sjå kapittel 2.1 for av purismefenomenet.


**Figur 16** viser purismeklassifisering for ei rekkje ulike brukarar/naturområde i Noreg. Vi ser at bruklarane av Jostedalsbreen nasjonalpark «legg seg» i midtre del av i figuren, som nummer 15, hvilket betyr at området har gjennomsnittlige andeler lav- og høypurister.

## Purismeklassifisering samanlikna med andre område/brukargrupper



**Figur 16** Inndeling i tre purisme-klasser, for ulike område/brukargrupper, sortert etter purismegrad, i prosent. (Kjelder: Andersen mfl. 2010, Andersen & Gundersen 2016, Gundersen m. fl 2013, Gundersen mfl. 2017, Vistad mfl. 2014, Vistad mfl. 2017, Vorkinn 2016, Wold & Selvaag 2017a, b, Wold mfl. 2012, Wold mfl. 2017, Selvaag mfl. 2017 a, samt egne analysar (foreløpig upubliserte analysar av Setesdal/Ryfylke og pilegrimsvandrarar gjennom Gudbrandsdalen/over Dovre, Rago, Saltfjellet og Lierne).

Vi spurte ikkje om korleis brukarane ville ha Jostedalsbreen med tanke på disse preferansane, men vi spurte om i kva grad dei opplevde at Jostedalsbreen nasjonalpark samsvara med deira idealområde. **Figur 17** viser at det er ganske godt samsvar, 77 % kryssa av for verdiane 4 eller 5 (der 5 står for *fullstendig samsvar*)<sup>16</sup>. Berre 3 % av dei besøkande meinte at området ikkje samsvara i det heile tatt; 21 % kryssa av for «*veit ikkje*» og i tillegg var det mange som ikkje svara på spørsmålet (n=11108).



**Figur 17** Prosentvis fordeling som viser i kva grad dei besøkande meiner Jostedalsbreen nasjonalpark samsvarer med deira «ideelle langtur-område» (n=6353). Svara gjeld berre dei førstegongsbesøkande som fylte ut skjema på veg ut av området (etter turen), eller dei som kjente området frå før.

<sup>16</sup> 2438 personar som var på veg inn i området då dei fylte ut skjemaet og som også var førstegongsbesøkande svara på spørsmålet, men desse vart utelatne frå analysen.


## 6 Bruken av området

### 6.1 Romleg bruk

Respondentane vart spurt om kva innfallsportar til Jostedalsbreen dei hadde brukt det siste året.

Nigardsbreen var den klart mest brukte innfallsporten: 26 % av respondentane hadde brukt denne (n=1099, sjå **Figur 18**). Briksdalen – Hesteskyssplassen, Bøyadalen/Bøyabreen, Briksdalen – Kattanakken, Kjenndalen og Tjugen – Skåla var også mykje brukt: mellom 18 og 15 % av respondentane hadde nytta seg av desse innfallsportane. Fordeinga på innfallsportar elles var meir jamn og alle under 12 %. **Figur 18** viser at ein del hadde brukt fleire innfallsportar i 2017. Det vart også samla inn flest kort (over 1000) ved dei 8 mest brukte innfallsportane. Unntaket er Briksdalen-Kattnakken som i følgje **Figur 18**, vart mykje brukt, men der det vart samla inn relativt få skjema (226 stk)<sup>17</sup>.

Respondentane kunne også skrive inn eventuelle andre innfallsportar de hadde nytta siste året. Berre 7 % gjorde dette, men mange hugsa ikkje namnet på innfallsporten dei nytta (sjølv om kart med namn og nummer på innfallsportane låg ved) og fleire av svara var eigentleg omtale av dei oppramsa innfallsportane (sjå vedlegg 3).




**Figur 18** Prosentfordeling av respondentens bruk av ulike innfallsportar i Jostedalsbreen i løpet av 2017 (n=1099). Totalprosenten er langt høgare enn 100 %, noko som indikerer at mange har brukt fleire innfallsportar i løpet av året.

<sup>17</sup> Knagenhjelm informerer om at brukarane truleg har haka av feil; dei har truleg brukt Briksdalen – Hesteskyssplassen (som er mykje brukt), men haka feilaktig av for Briksdalen – Kattanakken (som er lite brukt).

## 6.2 Bruk av sti og veg

I etterundersøkinga vart respondentane spurt om i kva grad dei brukte tydelege/merka stiar og vegar når de gjekk eller sykla i Jostedalsbreen nasjonalpark i 2017 (sjå **Figur 19**). Nesten to tredelar av dei besøkende brukte *alltid* tydeleg merkt sti eller veg,  $\frac{1}{4}$  svara *ofte*, og ein av ti som brukte tydeleg merkt sti eller veg *av og til* eller *sjeldnare*. I område som Dovrefjell, Rondane og Nordfjella har ein funne at endå fleire held seg systematisk til tydelege eller merkte stiar (Gundersen mfl. 2014; 2013; Wold mfl. 2012). I Breheimen (Vistad mfl. 2017) fann ein tal som minner meir om det vi finn for Jostedalsbreen. Kanskje har dette samanheng med at ganske mange går på breen, skal på topturar, og altså delvis skal til stader/toppar dit det ikkje går tydelege stiar?



**Figur 19** Prosentfordeling som viser bruken av tydelege/merka stiar og vegar når dei besøkende gjekk eller sykla i Jostedalsbreen nasjonalpark siste året (n=1039).

## 6.3 Sesongbruk

Ein femtedel hadde besøkt Jostedalsbreen nasjonalpark fleire gonger i løpet av siste året (n=1099). Brukerne vart også bedne om å oppgje bruken, fordelt på fire spesifiserte sesongar (sjå **Tabell 5**). Naturleg nok hadde nær alle vore der i løpet av definert sommersesong (juni-september). I vårsesongen hadde 9 % av brukarane vore i nasjonalparken. I overkant av 5 % hadde vore der på seinhausten og tilsvarande for før-påske-vinteren. Dei som bruka området til ulike årstider hadde gjennomsnittleg tal bruksdagar i vintersesongen på 4,4, våren 3,0, sommaren 3,1 og seinhausten 4,1 dagar. Men som **tabell 5** viser; det er stor variasjon i brukslengda innafør dei ulike sesongane, sjølv om gjennomsnittet er ganske likt for alle sesongar.

**Tabell 5.** Bruk av Jostedalsbreen nasjonalpark gjennom året. 1045 respondentar svarte på dette spørsmålet.

	N	%	Min	Max	Gj.snitt	Std.feil
Antall dagar i vintersesongen: jul-påske?	57	5	1	28	4,4	0.69
Antall dagar i vårsesongen: etter påske (t.o.m. mai)?	94	9	1	20	3,0	0.34
Antall dagar i sommer/høstsesongen: juni-september?	1029	98	1	70	3,1	0.14
Antall dagar senhøstes: oktober-jul?	50	5	1	20	4,1	0.72




## 6.4 Type bruk

### 6.4.1 Formålet med turen og bruken gjennom året

Brukarane skulle oppgje hovudformålet med turen dei var på då dei fylte ut **kassekortet** (sjå **Figur 20**). Seks ulike formål var listet opp. 75 % var på fottur (69 % oppgav dagstur og 6 % fleirdagarstur). Deretter fylgde topptur (7 %), trimtur (4 %) og fisketur (1 %). Anna-kategorien var det 20 % som krysset av for og dei fleste nemnde ulike former for bruk/oppleving av isbre, ekskursjon frå bil/camping/buss/cruise- eller hyttetur, besøke familie eller at dei var på rundreise. Det var mogleg å krysse av for fleire alternativ, så summen blir over 100 %. Sjå også **Figur 39** i kapittel 9 – fordeling på innfallsportar.

I **etterundersøkinga** måtte ein oppgje aktivitetar ein hadde drive med i Jostedalsbreen nasjonalpark i løpet av det siste året. Prosentfordelinga er vist i **Figur 20** – kalla 'friluftaktivitetar'. I hovudsak driv folk med «tradisjonelle» aktivitetar. Og som ein måtte forvente etter kasseundersøkinga: heile 90 % oppgjev fottur. En del hadde vore på brevandring og topptur til fots (19 % og 15 %), og ein god del færre hadde vore på skitur (5 %). Av desse hadde 62 % brukt fjellski/turski, 20 % langrennsski og 51 % toppturutstyr. Det er som forventa at få hadde vore på skitur, sidan så mange var fyrstegongsbesøkande (nær  $\frac{3}{4}$ ) då dei fyllte ut kasseskjemaet, og få av den siste  $\frac{1}{4}$  som hadde vore på vinterbesøk før. Når det gjelder haustingsaktivitetar hadde 5 % vore på fisketur og 1 % jakta. Fire prosent hadde sykla på veg (og av desse hadde 7 % brukt el-sykkel, 80 % vanlig sykkel og 17 % stisykkel/fatbike). Ein prosent hadde syklet på sti/utenfor veg (av disse hadde 8 % brukt el-sykkel, 50 % vanlig sykkel og 42 % stisykkel/fatbike). Og ellers: 22 % hadde drive med andre aktivitetar (mest nemnt var berplukking, fotografering, kajakk- og kanotur).




**Figur 20** Deltaking i ulike aktivitetar på den turen da dei fylte ut kassekortet, til venstre (n=17161), og samla for siste år, til høyre (n=1099). Oppgitt i prosent. Det var mogleg å krysse av for fleire alternativ, og summen overstig difor 100 %.

Halvparten av dei som hadde vandra på bre (n=202) var med på ein organisert/guida tur på breen. Dei som hadde kryssa av for brevandring på Jostedalsbreen fekk også spørsmål om tidlegare erfaring med brevandring (sjå **Figur 21**). Nær halvparten (45 %) hadde inga eller berre lita erfaring og såg det som heilt naudsynt å ha med breførar/brekdyndig person (av n=195). 17

% hadde ei viss erfaring med brevandring, men meinte det var tryggast å ha med ein brekyndig person. Det er verdt å merke seg at blant dei som var heilt uerfarne med bre, så var det ein del som likevel gjekk på bre utan å vere med ei organisert gruppe.

I 1989 var bruk av bre/inntil bre eit sentralt spørsmål (Vorkinn 1992); den gong svara 78 % at dei var på dagstur til brekanten (og snudde der), medan 32 % hadde gjennomført dagstur på breen (i løpet av sommaren – nokon hadde svart om fleire turar). Det var i større grad nordmennene som tok turar oppå breen; utlendingar flest tok dagsturar inn til breen (Vistad mfl. 1993).



**Figur 21** Prosentfordeling som viser eiga erfaringa med brevandring for dei som hadde vandra på Jostedalsbreen i løpet av siste året ( $n=195$ ).


#### 6.4.2 Tid i nasjonalparken og overnatting

**Figur 22** viser at 86 % var på dagstur då dei fylte inn kassekortet. Dette stemmer godt med prosentfordelinga på turformål vist til venstre i **Figur 20**. Prosentfordelinga i **Figur 22** (venstre) er noko annleis enn fordelinga mellom dagstur til fots og fleirdagarstur til fots i **Figur 20** (venstre). Det tyder at dei som har oppgitt fiske, trimtur, topptur eller anna fordelar seg på både dagsturar og fleirdagarsturar.

Dagsturane varierte i timelengde, men i snitt var ein dagstur i underkant av 4 timar ( $SE=0,025$ ). Dette er i tråd med funna i områda som vart undersøkt av NINA i 2016 (snitt frå 3 timar i Fulufjellet til 5,5 timar i Skarvan, Selvaag mfl. 2017a, Vistad mfl. 2017, Wold & Selvaag 2017 a, b, Wold mfl. 2017). Delen dagsbesøkande i andre verneområde varierer veldig frå område til område. I Gutulia, Langsua, Sølén, Breheimen og Fulufjellet var det 74 % eller meir dagsbesøkande (Vorkinn 2016, Vistad mfl. 2017, Wold & Selvaag 2017 a, b). I Reinheimen, Jotunheimen og Rondane var delen på dagstur godt lågare enn i Jostedalsbreen (Vorkinn 2016). Det er altså relativt mange på dagstur i Jostedalsbreen nasjonalpark. Fleirdagarsturane varierte mykje i lengde, men var i gjennomsnitt 3,5 dagar ( $SE=0,107$ ). I 1989 var 17 % på fleirdagarstur «på breen» (Vorkinn 1992: 35), og gjennomsnittslengda var 3,1 dagar.

Vi samla også svar på kva slag turar dei hadde vore på i Jostedalsbreen nasjonalpark i løpet av heile siste året. 57 % hadde berre vore på dagstur(ar) (sjå **Figur 22**, til høgre), medan 43 % hadde vore på ein eller fleire typar fleirdagarsturar. Dette er langt høgare del fleirdagarsturar enn i kasseundersøkinga, sjå **Figur 22**, til venstre). Dette kan både vere fordi ein her spør om turar i


løpet av heile året, men er truleg også eit resultat av kven som faktisk svara på etterundersøkinga, nemleg i større grad dei har erfaring frå området frå før, og dei som generelt har langturefaring (sjå **tabell 3**). Blant dei ulike typane fleirdagarsturar (**Figur 22**, til høgre) hadde flest overnatta på éin stad og gått dagsturar derfrå (25 %). Dei 18 % som hadde tatt dagsturar frå ulike utgangspunkt til ulike turmål, vart spurt om kva turmål dei hadde besøkt. Ulike brear vart hyppigast nemnt (sjå **vedlegg 3** for full liste). Færrest hadde vore på ein samanhengande tur med ulike overnattingsstader (3 %).



**Figur 22** Turlengda på den aktuelle turen då dei besøkande fylte inn kassekort, til venstre ( $n=16183$ ), og prosentfordeling som viser korvidt ein berre hadde vore på dagstur (øvrste kolonne) eller ulike typar fleirdagarsturar (dei tre nedste kolonnane) i Jostedalsbreen nasjonalpark siste år ( $n=1099$ ), til høgre.


Nesten tre fjerdedelar hadde **overnatta** i eller i nærleiken av Jostedalsbreen nasjonalpark i samband med besøk siste år (sjå **Figur 23**). Dette indikerer at besøka til Jostedalsbreen generer ein god del overnattingsdøgn av tilreisande. Samtidig var altså 86 % på dagstur i parken, og mykje av overnattinga vil sannsynlegvis ha vore utanfor nasjonalparken (spørsmålet lød «...i eller i nærheten av Jostedalsbreen»), noko også funna viser. Det er sjølvstundt subjektivt kva ein tolkar at «i nærheten av...» tyder i denne samanheng.

Det var klart flest som overnatta på tilrettelagt (camping-)plass for campingvogn/bubil/telt, der ein må betale for å overnatte (**Figur 23**). Det er, som nemnt innleingsvis ein del kommersielle overnattingsstilbod nær parken. Det var også relativt mange som hadde overnatta på hotell/pensjonat/fjellstoge eller turisthytte. Alle desse mest nytta overnattingsstilboda er kommersielle og må nødvendigvis ligge utanfor nasjonalparken (med eit visst unntak for turisthytter). Telt/lavvo/under open himmel var det gratis-alternativet som flest hadde brukt, tett fylgt av tilrettelagt campingplass der ein ikkje betalar for å overnatte. Relativt få hadde overnatta privat eller på eiga hytte/seter – noko som stemmer godt med at det er få besøkande som eig eller har tilgang til hytte (9 %) eller er lokalt bosatte (7 %). Fjellstyre/almenningshytte (som det ikkje finst nokon av i Jostedalsbreen NP) og open koie/bu var dei overnattingsformene som (rimeleg nok) færrest hadde nytta seg av (1 %, av  $n=805$ ).



**Figur 23** Prosentdelar som har overnatta i eller i nærleiken av Jostedalsbreen nasjonalpark i samband med besøk dit, i løpet av siste år, til venstre (n=1099). Prosentfordeling som viser korleis ein har overnatta, til høgre (n=805). Det var mogleg å krysse av fleire overnattingsformer slik at prosenttala totalt overstig 100. Oransje farge indikerer overnatting som ein må betale for, medan dei blå er gratis. Kategorien «Annet» kan vere både betalt og gratis.

Om vi ser nærare på tal overnattingsdøgn, og ikkje berre på prosentdelar av respondentane som overnatta, så blir biletet meir nyansert (**Figur 24**). Overnattingsformene privat hytte og privat hos bekjente hadde mange overnattingsdøgn, høvesvis 816 og 483, men til gjengjeld var det altså få personar som overnatta slik. Flest oppgav at dei overnatta på tilrettelagt campingplass, hotell/pensjonat/fjellstue eller turisthytte og desse alternativa hadde også dei høgaste overnattingsstala med henholdsvis 813, 457 og 506 døgn. Telt/lavvo/under åpen himmel og tilrettelagt campingplass man ikke betaler for å overnatte var også overnattingsformer relativt mange hadde nytta seg av og som også hadde mange overnattingsdøgn. Andre overnattingsformer var det få som nytta og hadde få overnattingsdøgn. Sjå **vedlegg 10** som listar opp dei innskrivne overnattingsstadene.




**Figur 24** Tal overnattingsdøgn og overnattingsformer, til saman for dei brukarane som hadde overnatta.

## 6.5 Jostedalsbreen nasjonalpark som besøksmål

Dei som berre hadde besøkt Jostedalsbreen nasjonalpark éin gong siste år (80 % av respondentene, n=1099) fekk spørsmål i etterundersøkinga om korleis besøket i nasjonalparken inngjekk i den turen dei var på (sjå **Figur 25**). For dei fleste (68 %) var besøket del av ei rundreise, medan 14 % sa at Jostedalsbreen var hovudformålet med den turen. I brukarundersøkingar fra 2016 med tilsvarende spørsmål i Skarvan og Roltdalen, i Breheimen, i Trollheimen og i Sølen hadde langt fleire området som hovudmål for turen (fra 44 % til 82 %, Selvaag mfl. 2017a; Vistad mfl. 2017; Wold & Selvaag 2017a; Wold mfl. 2017). Jostedalsbreen nasjonalpark er også i liten grad ein avstikker når ein er på veg til ein annan stad (gjeld 18 %). For fleirtalet (Jostedalsbreen som del av ei rundreise) er truleg koplinga til Vestlandet som attraktivt turismål viktig – kombinasjonen fjord, fjell, bre og meir til.

Dei som berre hadde besøkt Jostedalsbreen nasjonalpark ein gong siste år vart også spurt om når dei bestemte seg for å besøke området. Dei aller fleste bestemte seg før avreise heimefrå, berre 31 % bestemte seg undervegs når turen var i gang. Dette stemmer godt overeins med at besøket i Jostedalsbreen i liten grad var ein avstikker. **Figur 25** viser også at dei fleste bestemte seg i god tid før dei starta turen.




**Figur 25** Prosentfordeling for kva tyding Jostedalsbreen hadde som besøksmål på reisa dei var på (n=879), til venstre, og når ein bestemte seg for å besøke Jostedalsbreen NP (n=879), til høyre.

## 7 Innhenting av informasjon og bruk av sosiale media

### 7.1 Innhenting av informasjon og føretrekt informasjon


Dei fleste gjestene hadde altså bestemt seg for Jostedalsskogen i god tid før avreise heimanfrå, og 56 % sa at dei hadde innhentet informasjon om Jostedalsskogen nasjonalpark før besøket/besøka (sjå **Figur 26**, til venstre). I kasseundersøkinga var 71 % fyrstegongsbesøkande, men denne gruppa var nede i 46 % i etterundersøkinga. Då blir ikkje talet 56 % (som hadde innhenta informasjon), så lågt likevel.

Internett var den klart vanlegaste informasjonskjelda – 71 % markerer dette (sjå **Figur 26**, til høgre). Google, Visit Norway og UT.no var dei nettsidene som vart nemnt flest gonger (sjå **vedlegg 4** for fullstendig liste). De andre mest brukte informasjonskjeldene var *reisehandbok* og *venner/slekt/kjenningar* og *brosjyrer*. I tillegg til det som er nemnt i **Figur 26** var det 6 % som kryssa av for «på annan måte» og her var det vertskapet der ein overnatta og det at ein var kjent i området frå før som var dei vanlegaste formene.



**Figur 26** Prosentfordeling som viser kor mange som skaffa seg informasjon om Jostedalen NP før besøket i 2017, til venstre (n=1099), og kvar ein fann denne informasjonen, til høgre (n=616).


Ein opplevde det som relativt lett å finne den informasjonen ein ønskte (**Figur 27**). Over 80 % syns det var over middels enkelt å finne ønskt informasjon. Dei (19 %) som svarta med talverdi 1 til 4 (frå svært vanskeleg til middels) fekk også spørsmål om kva dei syns det var vanskelig å finne informasjon om. **Vedlegg 4** gjev full oversikt over desse svarta. Dersom dei besøkande skulle motta meir informasjon frå forvaltninga så er det to føretrekte tidspunkt: før avreise heimefrå eller på parkeringsplassen/innfallsporten til området (**Figur 27**). Dette er heilt i tråd med funn frå andre verneområde (sjå Selvaag mfl. 2017a,b, Vistad mfl. 2017, Vorkinn 2016, Wold & Selvaag 2017a,b, Wold mfl. 2017).



**Figur 27** Prosentfordeling som viser kor vanskeleg/lett det var å finne den informasjonen ein ønskte om Jostedalsbreen ( $n=616$ , gjennomsnitt:5.5 SE:0.052), til venstre. Prosentfordeling for når brukarane føretrekkjer å få informasjon, dersom forvaltninga skulle gje meir informasjon om området ( $n=1099$ ), til høgre (det var mogleg å krysse av fleire alternativ).

## 7.2 Føretrekt måte å få informasjon


Respondentane ville altså helst ha informasjon om Jostedalsbreen nasjonalpark før avreise heimefrå og på parkeringsplassar/innfallsportar til området. Om vi ser litt nærare på desse alternativa så ønskte flest å få informasjon frå internett før avreise heimefrå og på informasjonstavler ved innfallsportene (se **Figur 28**). Noko færre ønskte å få informasjon inne i sjølve området og her var det *brosjyrer på turisthyttene i området* som var mest føretrekt. I anna-kategorien var det flest som ønskte flere informasjonsskilt inne i sjølve området og betre merking av stiar.



**Figur 28** Kva slag måte føretrekkjer ein å få informasjon, ulike fasar av reisa: Øvst før avreise heimefrå ( $n=610$ ), ved innfallsportar til området ( $n=684$ ) og nedst inne i sjølve området ( $n=380$ ). Det var mogleg å krysse av fleire alternativ.

**Figur 29** viser kva slag informasjon dei besøkande er interessert i å finne. *Turforslag, kart og spesielle attraksjonar (toppar, utkikkspunkt, fossar, kulturminne etc.)* er dei desidert mest ønskete tema (respektive 82 %, 70 % og 67 % av respondentene). Deretter kjem informasjon om *landskapet (kor framkomeleg og terrenget), isbrear og klimaendringar* og informasjon om *biologi/botanikk/geologi* og *kulturhistorie*. Alt dette er rundt halvparten eller fleire av respondentane interesserte i. Informasjon om *overnattingshøve* og om *verneformål* er ønskt av rundt 40 %. Informasjon om *adkomsthøve*, tilbud om *guida turar/aktiviteter* og *serveringstilbod* er ønskt av rundt 1/3. På dette spørsmålet kunne ein også svare at ein ikkje var interessert i noko form for informasjon og berre 1 % kryssa av for dette.






**Figur 29** Kva dei besøkjande var interessert i informasjon om? I prosent (n=1099). Det var mogleg å krysse av fleire alternativ.

### 7.3 Bruk av sosiale media

Brukarane i Jostedalsbreen nasjonalpark er relativt aktive på sosiale media når dei er i området, men det er likevel eit fleirtal (56 %) som ikkje nyttar sosiale media (sjå **Figur 30**). Dei fleste delte ein eller to gonger (48 %, n=483). Facebook var den klart mest vanlege måten å dele på, Instagram vart også nytta ein god del. I kategorien «anna» var det flest som brukte Snapchat og WhatsApp.




**Figur 30** Prosentfordeling som viser i kva grad brukarane delte opplevingane sine i Jostedalsbreen NP via sosiale meda (n=1099), til venstre, og kva media dei hadde brukt (n=483), til høgre.

## 8 Oppleving av dagens tilstand i Jostedalsbreen NP

### 8.1 Jostedalsbreen som villmarksområde

Jostedalsbreen nasjonalpark blir i ganske stor grad oppfatta som eit villmarksområde. 28 % opplever heile området som villmark, medan 69 % opplever delar av området som villmark (n=1038). Det vart også spurt om kva delar av Jostedalsbreen som dei ikkje oppfattar som villmark. 37 % svara på dette spørsmålet og særleg lokalitetar nær hytter/setrar, turattraksjonar (Briksdalsbreen og Nigardsbreen spesielt) og innfallsportar vart nemnt; **vedlegg 5** gjev ei fullstendig liste over svara. Respondentane vart også spurt om i kva grad dei opplevde ulike tilstandar under sine besøk til Jostedalsbreen nasjonalpark i 2017 (sjå **Figur 31**). Fem spørsmål vart stilt og svaralternativa var ein skala frå 1 «ikke i det hele tatt» til 5 «hele tiden». Nær halvparten av de besøkende fekk naturopplevingar utanom det vanlege heile tida. I overkant av 40 % opplevde rein natur heile tida. Det var færre som opplevde stillheit heile tida, men om kategori 4, «det meste av tiden» vert lagt til så var det 71 % som kysset av for desse to høgste alternativane. For dei to siste tilstandane: *Opplevde lite forstyrrelse fra andre besøkende*, og *natur uten menneskelig påvirkning* var det fleire som nytta den andre enden av skalaen: over 40 % svara «bare til en viss grad» eller mindre (kategori 3-1).




**Figur 31** Prosentfordeling som viser korleis dei besøkande opplevde ulike aspekt av villmark på sine besøk til Jostedalsbreen nasjonalpark i 2017. Tal respondentar var 1099, men svara som er med i figuren har noko færre svar sidan nokon kryssa av for «ikke relevant», som ikkje er vist i figuren.

Det vart også spurt om ein møtte andre besøkande/annan aktivitet som ein reagerte negativt på, og 9 % svarte 'ja' (n=1099). På eit ope spørsmål om kva dei så reagerte negativt på, så var det helikopter-/droneflyging, motorisert transport til brear, støy og avfall frå andre besøkande og dårleg førebudde turistar, som gjekk att.

Respondentane vart vidare spurt om kor einige/ueinige dei var (sjudelt skala) med ein del påstander som omhandla bruk og miljøtilstand i Jostedalsbreen nasjonalpark (sjå **Figur 32**). Når det gjeld bruksmåtar er dei besøkande ganske einige i at hovudstiane berre burde vere for fotturister; svært få svarar under middelveien 4, men gjennomsnittet er heller ikkje høgare enn 4,6. Dette er om lag same snittet som for påstandane om at nokre stiar burde kunne brukast av syklistar eller til ridning. Desse tre påstandane fekk mange til å svare *verken enig eller uenig* (= 4, høvesvis 28 %, 26 % og 31 %).

Dei besøkande er veldig ueinige i at det burde vere tillatt å bruke helikopter/fly for folk som vil opp til vanskeleg tilgjengelege fjelltoppar/område, eller at det burde være tillatt med idrettsarrangement i nasjonalparken. At det burde vere tillatt med helikopter var 63 % av respondentane heilt ueinig (=1) i, og 55 % svara det same eller kryssa av for verdien «2» for idrettsarrangement. Respondentane var også generelt ueinige i at det er greit med droneflyging i områda der dei går tur i Jostedalsbreen NP (54 % svarte «*helt ueinig*»). Nesten halvparten av dei besøkande er ueinige i at dei vart forstyrra av helikopterflyging då dei var på besøk Jostedalsbreen NP i 2017 (49 % svarte «*heilt ueinig*», n=945) – kanskje sannsynleg at desse ikkje opplevde helikoptertrafikk? Men vel 14 % svara 5-7 og det må vel vere uttrykk for at dei vart forstyrra av helikoptertrafikk. Når det kjem til miljøtilstand elles i nasjonalparken, så er brukarane ganske enige i at det er for mykje folk i enkelte område i høgsesongen. Likevel var dei fleste besøkande relativt enige i at det er enkelt å finne område der de kan vere for seg sjølve; 74 % svarte 5 eller høgare, n=1020). Ein del meiner det er for stor slitasje på nokre stiar i området, men snittet er likevel under middels (3,9). Men det er få som meiner at det er for mykje søppel ved nokre parkeringsplasser.




**Figur 32** Gjennomsnittsskår for korleis brukarane stiller seg til ulike påstandar som omhandlar bruk og miljøtilstand i Jostedalsbreen nasjonalpark, på ein skala frå 1 «*helt ueinig*» til 7 «*helt enig*». Tal respondentar var 1099, men svara i figuren har noko færre svar, fordi nokon kryssa av for «*vet ikke*» (som ikkje er med her, sjå rapportert n i parentes bak påstandane).

## 8.2 Jostedalsbreen som nasjonalpark.


### 8.2.1 Kunnskap om vernet – nasjonalpark som attraksjon

Nær 4 av 5 visste at Jostedalsbreen var verna som nasjonalpark før dei besøkte området (79 %, n=1099). Dei som visste dette vart vidare spurt om nasjonalpark-statusen påverka valet om å besøke området. Ganske få (16 %) svara «*i svært i stor grad*». Resten dela seg likt mellom «*til en viss grad*» og «*ikke i det hele tatt*» (n=869, se **Figur 33**).



**Figur 33** Kor stor påverknad hadde nasjonalparkstatusen på valet om å besøke Jostedalsbreen? Spørsmålet gjekk til dei som visste dette var ein nasjonalpark, i prosent (n=869).

I etterundersøkinga vart det også spurt om respondentane hadde besøkt andre nasjonalparker i Noreg eller i utlandet i 2017, og 72 % svara positivt (n=1099). Av desse hadde over halvparten berre besøkt andre nasjonalparker i Noreg (n=796, sjå **Figur 34**), medan 16 % berre hadde besøkt nasjonalparker i utlandet og resten (32 %) både norske og utenlandske nasjonalparker i 2017 (n=796). Det vart også spurt om ein hadde besøkt andre nasjonalparker (i Norge eller i utlandet) før 2017, og 13 % hadde ikkje vore i ein nasjonalpark før dei no besøkte Jostedalsbreen. I **Figur 34** ser vi korleis denne erfaringa fordelar seg mellom norske og utanlandske parkar. Legg merke til at vel 1/3 berre hadde besøkt utanlandske nasjonalparker før (av n=961), noko som avspeglar den store mengda utlendingar i utvalet (totalt 54 % i etterundersøkinga).



**Figur 34** Prosentfordeling som viser besøk i nasjonalparker i 2017 (til venstre, n=796), og besøk i nasjonalparker før 2017 (til høgre, n=961). Det var 72 % som hadde besøkt andre nasjonalparker i 2017 og 87 % som hadde besøkt andre nasjonalparker før 2017 (n=1099).


Langt fleire utlendingar hadde naturleg nok besøkt utanlandske nasjonalparker, og nordmenn hadde besøkt norske nasjonalparker i større grad enn utlendingar, både for året 2017 og

tidlegare<sup>18</sup>. Sjå **vedlegg 6** for liste over kva andre nasjonalparkar i Noreg respondentane besøkte i 2017.

### 8.2.2 Kva er lovleg og ulovleg?

I etterundersøkinga vart det lista opp fem spørsmål knytt til kva som er **tillatt/ikkje-tillatt**: fri ferdsel, bålbrekking, jakt/fangst/fiske, helikopter- og droneflyging (sjå **Figur 35**). Svaralternativa var ja (=tillatt), nei (=ikkje tillatt), i tillegg til «veit ikkje». Det var stor variasjon i kor mange som svara *veit ikkje*; fra 26 til 63 % på dei ulike spørsmåla. Dette er også spørsmål det er lett å berre gjette på, og spørsmålet om jakt/fangst/fiske kan misforståast (ja det er lov, men berre på visse vilkår, visse artar, ein må løyse jakt/fiskekort mm). Når det gjeld motorisert ferdsel i form av helikopter er det mange som veit at dette ikkje er lovleg (berre 2 % svara 'ja' på at alle kan fly helikopter over nasjonalparken), men det er like fullt nesten halvparten som svarar 'veit ikkje'. Svært få meiner at det er tillatt å bruke drone for å filme folk eller dyr i nasjonalparken, men godt over halvparten svara «veit ikkje».

Relativt mange svara at ein ikkje kan gå kvar ein vil, ikkje kan ta tørre kvistar for å brenne bål, og at jakt, fangst og fiske er ulovleg. Det var fleire utenlandske enn norske som svara slik. At det ikkje er lov å gå kvar ein vil, svara 21 % av nordmennene (n=371), medan prosentdelen for dei utanlandske var 41 (n=728). På spørsmålet om jakt, fangst og fiske er lovleg svara 14 % av nordmennene og 31 % av dei utenlandske «nei». At det er lov for alle å fly helikopter over nasjonalparken svara 69 % av nordmennene og 46 % av utlendingane nei til. At det ikkje er lov å ta tørre kvistar til bål var ei like utbreidd oppfatning blant nordmenn som utlendingar. Å flyge drone var det derimot færre utlendingar (relativt sett) som svara nei til at var lovleg (29 % av utlendingane og 41 % for nordmennene). Vår oppsummerande vurdering er at dei einaste pålitelege svara er eigentleg 'veit ikkje', og generelt at mange av brukarane (også dei norske) er lite opplyste om kva som er lov og ikkje, i nasjonalparken. Det er ikkje usannsynleg av valet mellom 'ja'/nei' for ein del/mange er basert på tipping. Det er ganske opplagt behov for god informasjon om reglar som ein meiner besøkande flest må vite om.




**Figur 35** Prosentfordeling som viser om brukarane meiner ulike aktivitetar i Jostedalsbreen nasjonalpark er lovlege eller ikkje (n=1099).

<sup>18</sup> Besøkt norsk NP i 2017: nordmenn 70 % (n=236) og utenlandske 44 % (n=560)  
 Besøkt utenlandsk NP i 2017: nordmenn 8 % (n=236) og utenlandske 20 % (n=560)  
 Besøkt norsk NP før 2017: nordmenn 41 % (n=338) og utenlandske 15 % (n=623)  
 Besøkt utenlandsk NP før 2017: nordmenn 7 % (n=338) og utenlandske 51 % (n=623)

### 8.3 Tilrettelegging for friluftsliv

I kassundersøkinga vart det spurt om kor nøgd ein var med tilrettelegginga for friluftslivsutøvarane i Jostedalsbreområdet (sjå **Figur 36**). Fire av fem var godt nøgde med tilrettelegginga. I etterundersøkinga spurde ein om det var stader i Jostedalsreen NP der ein opplevde tilrettelegginga som spesielt dårleg og ¼ svara på dette spørsmålet (n=1099). Område rundt innfallsportar vart nemnt hyppigast, men nokre svara også utan å nemne stad: at stier er dårleg merk og/eller at det er slitasje/gjørme på stiane. For fullstendig liste, sjå **vedlegg 7**.



**Figur 36** Kor nøgde er brukarane med tilrettelegginga for friluftslivsutøvarane i Jostedalsbreen nasjonalpark, i prosent (n=16607).

I etterundersøkinga vart også respondentene spurt om kor viktig ulike tilretteleggingstiltak var når dei var på tur i Jostedalsbreen NP (svar frå 1 *ikke viktig i det hele tatt* til 7 *svært viktig*) og kor nøgde dei var med kvaliteten på dei same tiltaka (svar frå 1 *svært dårlig/mangelfullt*, 4 *verken dårlig eller bra* og 7 *svært bra*). Som brukar skulle ein altså både svare kor viktig ein opplever at ulike tiltak er og kor tilfreds ein er med kvaliteten på dei tiltaka som finst. I kva grad folk er i stand til å skilje desse to nivåa, er litt uvisst. Vi ser t.d. at langt fleire har svara på fyrste kategorien (kor viktige), enn på kor tilfreds ein er med kvaliteten (**Figur 37**), utan å ty til «veit ikkje». Men ein konklusjon – ved å sjå på **Figur 37** – er at det ikkje er så stor skilnad mellom gjennomsnittleg skåreverdi for viktigheit og skåreverdi for kvalitet. Alle typar tiltak finst ikkje i alle verneområde, eller knytt til alle innfallsportar; difor er det viktig at 'veit ikkje' var eit svaralternativ.

Det var spesielt tiltak ved innfallsportane (informasjonstavler og parkeringshøve), og basistiltak knytt til stiane (tydeleg merking, skilt i stikryss, og bruer over bekkar/elvar) som vart opplevd som viktige. Alle desse fekk snittskårar rundt 6 (sjå **Figur 37**). Korte stiar til spesielle attraksjonar og stiklopping i våte parti, og nødbuer på lange strekk, fekk også høge verdiar (5 eller litt over). Nesten alle desse tiltaka fekk noko lågare skår på kvalitet enn på viktigheit, og særleg gjeld det *tydeleg merking av stiane*, og *skilting av stikryss*. Tre tiltak vart rekna som mindre viktige: *teltplassar utanom/ved turisthytter*, og det å *treffe oppsyn i løpet av turen*.

Det var skilnader mellom utanlandske og norske besøkande for sju av spørsmåla (kor viktige tiltak er): Nordmenn syns (i snitt) at det var viktigare med *bruer som gjør elver/bekker lette å krysse* og *parkeringsmuligheter ved innfallsportene*<sup>19</sup>. Utlendingar syns det var viktigere med *skilt i stikryss*, *merking av stiene*, *nødbuer på lange ruter*, å *treffe oppsyn i løpet av turen* og *informasjonstavler med innfallsportene*<sup>20</sup>.

<sup>19</sup> Bruer som gjør elver lette å krysse: M=5,8, SE=0,065; Utlend. M=5,6, SE=0,053, **T(822)=2.023, p<0.05**  
Parkeringsmuligheter: Nordm.: M=6,1, SE=0,061; Utlend. M=5,9, SE=0,049, **T(1080)=2.379, p<0.05**


<sup>20</sup> Skilt ved stikryss: M=5,6, SE=0,08; Utlend. M=6,1, SE=0,046, **T(612)=-4.865, p<0.001**

Tydelig merking av stiene: M=5,9, SE=0,068; Utlend. M=6,2, SE=0,042, **T(650)=-3.891, p<0.001**

Nødbuer på lange ruter: M=4,6, SE=0,098; Utlend. M=5,2, SE=0,065, **T(974)=-5.091, p<0.001**

Mulighet å treffe oppsyn: Nordm.: M=3,1, SE=0,098; Utlend. M=3,5, SE=0,072, **T(1012)=-3.164, p<0.01**

Info.tavler ved innfallsportene: Nordm.: M=5,9, SE=0,072; Utlend. M=6,2, SE=0,038, **T(578)=-4.233, p<0.001**




**Figur 37** Blå farge viser gjennomsnittskår for kor viktig ulike tiltak var då dei var på tur i Jostedalsbreen nasjonalpark, skala frå 1 «ikkje viktig i det heile tatt» til 7 «svært viktig». Grå farge viser gjennomsnittskår for kor tilfreds dei besøkende var med ulike tilretteleggingstiltak i Jostedalsbreen nasjonalpark, skala frå 1 «svært dårleg/mangefullt», 4 «verken dårleg eller bra» og til 7 «svært bra». N= 1099, men variablane har mindre utvalstorleik (n) fordi nokon krysset av for «veit ikkje». I parentesane bak kvart tiltak er n for kor tilfreds ein er (grå farge), nemnt fyrst.

## 9 Samanlikning av bruk og brukarar ved ulike innfallsportar

Fordi vi (forfattarane) ikkje kjenner lokale forhold og særpreg ved de ulike innfallsportane/kasselokalitetene så presenterer vi berre prosentfordelinger for utvalte indikatorar, både for kvar av innfallsportane og for heile Jostedalsbreen nasjonalpark (som ein referanse). Her må forvaltninga og andre (som kjenner lokale forhold) vurdere kvifor det eventuelt er forskjellar i svar og fordelingar, når det gjelder bruk, brukarar og haldningar/vurderingar mellom dei ulike innfallsportane. Berre 10 personar hadde svara i kasseundersøkinga ved *Bakken, Bakkedalen* og sidan utvalstorleiken er låg for denne lokaliteten er det knytt større usikkerheit til prosentfordelingane. *Bakken, Bakkedalen* er berre skilt ut for å sjå forskjellar mellom bostad og nasjonalitet og ikkje tatt med i vidare samanlikning av innfallsportane. Respondentane frå *Bakken, Bakkedalen* er inkludert i søylene som viser tal for Jostedalsbreen samla.


### Bustad/nasjonalitet



**Figur 38** Prosentdelar for bustad/nasjonalitet vist for dei ulike innfallsportene.




## Hovudformål med turen




**Figur 39** Prosentvis fordeling, hovudformål med turen vist for kvar innfallsport. Det var høve til fleire svar; difor avvik summen pr innfallsport frå 100 %.

## Tidlegare besøk




**Figur 40** Prosentdelar fyrstegongs- og fleirgangsbesøkande vist for dei ulike innfallsportane.

## Turlengde




**Figur 41** Prosentfordeling som viser dagstur og fleirdagarsbesøkande, vist for dei ulike innfallsportane.

## Organisert tur?




**Figur 42** Prosentfordeling, dei som var med på organisert tur – fordelt på innfallsportar

## Går aleine?




**Figur 43** Kor mange som går aleine, fordelt på dei ulike innfallsportar

## Barn i turfylgjet




**Figur 44** Prosentdel besøkende med barn under 15 år i fylgjet, vist for de ulike innfallsportene.

## Tidlegare erfaring med fleirdagarstur?



**Figur 45** Prosentvis fordeling; grad av tidlegare erfaring med fleirdagarsturar til fots eller på ski, fordelt på innfallsportar.


## Purismegrad



**Figur 46** Prosentdelar for dei ulike purismeklassane, vist for dei ulike innfallsportane.




## Korleis samsvara Jostedalsbreen NP med idealområdet?



**Figur 47** Prosentvis fordeling av korleis dei deira oppleving av Jostedalsbreen NP samsvara med eige idealområde, fordelt på innfallsporart.

## Kor tilfreds er du med tilrettelegginga?



**Figur 48** Prosentdelar som viser kor tilfreds brukarane var med tilrettelegginga for friluftslivsutøvarane i Jostedalsbreen nasjonalpark, vist for dei ulike innfallsportane.

## 10 Diskusjon

I dette kapitlet vil vi drøfte nokre av våre funn opp mot føringar i forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1994), og i høve til utfordringar ved det å lage ein besøksstrategi. No arbeider ein med ein ny forvaltningsplan for Jostedalsbreen NP, så det er lite meiningsfylt å gå djupt inn i den gamle. Vi diskuterer nokre forvaltningsprinsipp, t.d. bruken av sonering, det å spele på kva slag informasjon og tilrettelegging brukarane ønskjer, og kva slag friluftsiinteresser som dominerer i dagens brukargruppe.

Denne diskusjonen blir mest tematisk og klarer i mindre grad å nyansere geografisk (t.d. til ulike innfallsportar) sidan vi (forfattarane) ikkje kjenner området godt nok.

### Representativiteten

Vi kan direkte vurdere kven som svarar på etterundersøkinga i høve til kven som har fylt ut kasseskjema, fordi nokre spørsmål er felles for baa. Fråfallet i etterundersøkinga er som sagt særleg stort for fyrstegongsbrukarar og for dei uerfarne friluftfolka, og dessutan noko færre utlendingar. Dette er truleg ikkje berre fordi dei ikkje har svart på etterundersøkinga, men truleg også fordi desse i mindre grad har lagt att e-postadressa si på kasseskjemaet. Sannsynlegvis har dette bortfallet m.a. samanheng at desse brukarane har mindre motivasjon for å bruke tid på ei etterundersøking, sidan dei kjenner lite til området, og kanskje var heller ikkje turen innom Jostedalsbreen hovudmålet med ferieturen.

Men dette er berre éi side ved representativiteten. Den andre sida, og den er vanskelegare å kontrollere: kven har / har ikkje fylt ut kasseskjema, sett i høve til korleis heile brukargruppa av Jostedalsbreen sommaren 2017 faktisk var samansett? Vi har lite grunnlag i materialet for å svare på dette, men må meir oppfordre ulike lokalkjente (t.d. i forvaltninga, SNO mfl.) om å vurdere om det er brukargrupper, bruksmåtar, innfallsportar som ikkje er representerte og som dei veit at burde ha vore det. Dette er særleg viktig i høve til kva bruksformer og brukargrupper ein vil vektlegge i den framtidige besøksstrategien, og kvar i området ein eventuelt vil gjere spesielle tiltak. Kor mange kasser ein vel å bruke / kor mange innfallsportar ein vil kartlegge er eit viktig poeng. Eller sagt på ein annan måte: Om ein plasserer alle kassene ved dei mest populære turistrutene, så er det ein seleksjon som kan gje eit skeivt utval. Dette kan gjere at ein får data som er godt eigna til å utvikle besøksstrategiar for dei tilreisande og for utvikling av ein viss type turisme. Men ein kan risikere å miste ein del av den lokale bruken i materialet.

Vi har tidlegare påpeika at det er uvanleg mange utlendingar som besøker denne nasjonalparken, samanlikna med dei fleste andre norske parkar. Når vi samanliknar med brukarundersøkinga rundt Jostedalsbreen i 1989 (Vorkinn 1992), så finn vi at det var 60 % utlendingar alt den gong (før nasjonalparken vart etablert). Sannsynlegvis er det eit sannferdig bilete av balansen nordmenn – utlendingar som er fanga opp.

### Temaet bruk og vern

Det ligg som ei overordna føring for alle nasjonalparkar/verneområde, at dersom brukarinteresser utfordrar verneverdiar så må bruken vike. Men det er også sagt klart i forvaltningsplanen at naturoppleving og friluftsliv er delar av verneformålet. I gjeldande forvaltningsplan har ein nytta ei soneinndeling som verkemiddel for å ivareta ulike interesser. Det er foreløpig uvisst om ein vil nytte eit sonesystem i komande forvaltningsplan.

Våre funn tilseier at det aller meste av bruken er knytt til tydelege stiar, i alle fall slik som brukarane framstiller kvar dei går og føretrekkjer å gå. Dette tilseier at bruken er førutseieleg. Det er også tiltak ved innfallsportane (informasjon og parkering) og langs stiane (merking, skilting, bruer, kloppar, stiar til spesielle attraksjonar) som er mest etterspurt av brukarane. Dette kan ein sjå som signal til forvaltninga om at innfallsportane og stien (inkludert lokalisering,

fjerning, omlokalisering) kanskje er dei viktigaste verkemidla for å kunna styre bruken til stader/bort frå stader, men utan å bruke tvang (noko som også ville vere vanskeleg).

Men det å «omkalfatre» på stiar (dersom det skulle vere naudsynt) er eit verkemiddel som særleg vil vere nyttig i høve til nye brukarar – dei som ikkje kjenner området frå før. Brukarar som er godt kjente og har «sitt faste bruksmønster» er vanskelegare å styre til nye stader (Gundersen mfl. 2015). Uansett er det slik at forvaltninga må ha kjennskap til kva som er attraktivt for brukarane i Jostedalsbreen og spele på lag med brukarane, om ein vil prøve å endre bruksmønsteret. Brukarane er ikkje lettstyrte om forvaltninga vil leie dei vekk frå det dei har bestemt seg for å besøke og oppleve. Det å kome inn mot tilgjengelege og spektakulære brearmar er eit hovudpoeng for mange besøkande i Jostedalsbreen nasjonalpark. Med bresmeltinga som no føregår, og det faktum at brearmar trekkjer seg raskt attende (typisk: Nigardsbreen) er slik sett ei utfordring for forvaltninga. Kan ein tenkje alternativ til dei klassiske besøkspunktane? Må ein leggje sterkare til rette for besøk der ein vil stimulere bruken? Risikerer ein å utfordre særlege verneinteresser ved imøtekome slike brukarinteresser og derved næringsutviklinga forankra i stort besøk? I høve til gjeldande sonesystem er det kanskje sannsynleg at ein må revurdere balansen mellom Bruksonar (der det kan tilretteleggast for friluftsliv) og Sonar utan tilrettelegging og inngrep, i (lågareliggande) dalføre.

## Informasjon og åtferd.

97 % av brukarane som fyllte ut kasseskjema er tilreisande, og 75 % (av alle) er utlendingar. Mange er erfarne med lange turar i naturen, men over 40 % er heilt utan erfaring med overnattingsturar. Nærare 3 av 4 var i Jostedalsbreen NP for fyrste gong, og som nemnt over: dei aller fleste fylgjer stiar. Alt dette peikar i retning av at mykje av bruken kan forvaltninga ha ein god styringsinnverknad på (om ein måtte ønskje det). God informasjon ved innfallsportane er viktig, også fordi vi har påvist at mange er dårleg informerte om kva reglar som gjeld.

Dei som er erfarne brukarar av Jostedalsbreen er vanskelegare å endre bruksmønsteret til, dersom det skulle vere eit ønskje. Det ville krevje eit godt informasjonsopplegg, der også dei som ein vil «styre til eit nytt bruksmønster» må forstå og vere samd i intensjonen, og bli motivert til å endre eige bruksmønster/bruk. Dette føreset at den enkelte brukaren er klar over verneverdiane, kva som ev. er sårbart, kvifor, og korleis den enkelte må oppføre seg. Korleis informerer ein effektivt og godt, til alle som treng informasjonen? Funna her tilseier at informasjon over nettet (som blir lese før ein startar turen) og informasjon ved innfallsportane er høgast verdsett. Det er viktig å understreke kombinasjonen av desse to, særleg om ein vil styre bruken frå eller til bestemte innfallsportar. Brosjyrer (som ein tek med seg) er også ganske populære og kan vere effektive.

Generelt sett meiner vi det er viktig å gripe fatt i det at brukarane er særleg interessert informasjon om turforslag, kart og spesielle attraksjonar, medan t.d. verneformål og reglar om kva som er lovleg og ikkje, kjem lenger ned på lista. Dette gjev eit godt høve til å styre ferdsele ein vil, og samstundes informere om det ein meiner er viktig for å få folk til å oppføre seg slik ein ønskjer.

## Fare for konfliktar mellom ulike bruksformer og/eller aktivitetar?

Dette spørsmålet er det vanskeleg å svare på, med bakgrunn i brukarundersøkinga. Men spørsmålet er viktig, sidan ein skal i gang med ein Besøksstrategi for Jostedalsbreen. Der kan det vere aktuelt å gjere visse prioriteringar både geografisk og i høve til ulike bruksformer/bukargrupper? Då bør ein ha eit bilete av kva konsekvensar prioriteringane kan ha for «dei andre». Dette spørsmålet er også vanskeleg sidan verneområde-forvaltningar ikkje har tradisjon for å «bry seg» med forholdet mellom ulike bruksformer, så lenge det er snakk om lovlege bruk og lovleg framferd. I enkelte norske nasjonalparkar har ein no diskusjonar om balansen og prioriteringar mellom lokal/regional bruk og tilreisande sin bruk. Eller ein diskuterer

balansen mellom styrking av landbruks- og tradisjonelle haustingsinteresser eller av turismeutvikling og kanskje nye aktivitetar (sykling?). Turismeutvikling kan vere så mangt, og kva ønskjer ein å prioritere gjennom Besøksstrategien? I Forollhogna nasjonalpark har ein t.d. ønskje om sterkare satsing på bruk og utviklinga av beite- og sæterdalane/kulturlandskapet rundt sjølve nasjonalparken i Forollhogna-massivet, både som turistsatsing og for å skjerme villreinen mot meir uroing inni sjølve kjerneområdet (sjå Gundersen mfl., 2017).

I kapittel 8 presenterer vi funn om miljøtilstand og preferansar for området. Spørsmåla gjeld delvis opplevinga av miljøtilstanden/-endringar i området og korleis dei opplever «nye» bruksformer som sykling og riding. I prinsippet er det jo no opna for fleire friluftsliv-aktivitetar, også innafor nasjonalparkar (men med høve til å regulere!). For sykling er det lagt opp til generelt løyve for å sykle på eksisterande vegar, stiar og køyrespor i nasjonalparkar og landskapsvernområde. Korleis høva til å sykle lovleg blir i den enkelte nasjonalpark er vel enno uavklart, men det ligg kanskje an til at det blir forbod mot å sykle på visse stiar/vegar, ev. i enkelte del-område. Spørsmåla i skjemaet kan t.d. peike i retning av kor sosialt tolerante brukarane er. Tendensen er at dei fleste syns det stadig er enkelt å finne område av Jostedalsbreen der ein kan vere for seg sjølv, men mange er samstundes einige i at det er for mykje folk somme stader i høgsesong.

Og når det gjeld spørsmålet om det er greitt at stiane også blir brukt til sykling og riding, så er hovudmønsteret ganske tolerant: Hovudstiane bør vere berre for fotturistar, men nokre stiar bør kunna brukast av både syklistar og til riding. Bakteppet her er at dagens brukarar er klart mest interesserte i turfriluftsliv (90 % av respondentane), medan berre 31 % er tilsvarande interessert i det vi har kalla 'moderne friluftsliv (inkl. terrengsykling)'. Dette er nær heilt identisk med funna i naboområdet Breheimen nasjonalpark (Vistad mfl. 2017). Når det gjeld interessa for tradisjonelt haustingsfriluftsliv så er den sterkare uttrykt i Breheimen enn i Jostedalsbreen; men der var det også eit fleirtal nordmenn (58 %) i utvalet.

Alt dette er relevante data å ta med seg i diskusjonen om besøksstrategi og framtidig forvaltning av brukarinteresser. Ein bør ikkje ha som utgangspunkt at ulike bruksformer lagar konflikhtar med kvarandre; friluftslivsløva slår fast at alle som nyttar seg av ferdselsretten i utmark er pliktige til å vise omsyn til dei andre brukarane (og grunneigaren og naturen). Men ein bør likevel vere budd på at ulik bruk kan gje spenningar. Dette er ikkje berre knytt til aktivitetane, men også måten ein aktivitet blir utøvd på.

## **Vegen vidare og høva til å differensiere innsats og prioriteringar**

I og med at vi berre kjenner delar av området, så går vi ikkje inn på variasjonen i bruk og brukarar av dei ulike innfallsportane, sett i høve til grad av tilrettelegging, verneverdiar, sårbarheit eller liknande. Vi berre konstaterer og stør opp om det viktige prinsippet med å kunna differensiere forvaltninga gjennom ei form for sonesystem.

Jostedalsbreen nasjonalpark er den norske nasjonalparken med brukarundersøkingar frå dei siste åra som har avgjort mest bruk, mest utlendingar og mest fyrstegongsbrukarar. JNP er det ein kan kalle ein typisk 'turistpark' (men ikkje nødvendigvis ein typisk 'turistforeiningspark', som meir er definert av omfattande stinett og system av overnattingshytter). Her er det meir kombinasjonen av Vestlandet, Jostedalsbreen, fjord-fjell-kontrast, og nasjonalpark som samla er ei svært attraktiv pakke. Med denne store mengda fyrstegongsgjester har ein gode høve til å styre bruken dit ein måtte ønskje, så lenge ein tek omsyn til kva gjestene er særleg ute etter av opplevingar og aktivitetar. Dette kan t.d. tyde at ein må vurdere/revurdere dei ulike dalføre, innfallsportar/bretunger ulikt når det gjeld behovet for informasjon, innsats og tiltak, alt etter lokale naturtilhøve, kulturverdiar, lokale brukstilhøve og attraksjonskraft. Vi har alt nemnt behovet for spesiell merksemd knytt til dalbotnar/sidedalar med attraktive brearmar.

## 11 Referansar

- Andersen, O. & Gundersen, V. 2010. Ferdsel og bruk av Rondane. Etterundersøkelse blantbesøkende sommeren 2009 - NINA Rapport 599. Norsk institutt for naturforskning.
- Andersen, O. & Gundersen, V. 2016. Brukerundersøkelse i Hallingskarvet. – resultater fra en spørreundersøkelse. NINA Kortrapport 17. Norsk institutt for naturforskning.
- Andersen, O., Gundersen, V. & Wold, L.C. 2010. Ferdsel i Nordfjella sommeren 2010 - Resultater fra ferdsestelling og brukerundersøkelser. NINA Rapport 703. Norsk institutt for naturforskning.
- Field, A. (2009). *Discovering statistics using SPSS*. Sage publications.
- Fredman, P., Romlid, U., Emmelin, L. & Yuan, M. 2009. Who are the non-compliers? An analysis of non-compliance with on-site monitoring methodology at Fulufjället National Park. Forskningsprogrammet firluftsliv I förändring. Rapport nr. 9.
- Gundersen, V., Wold, L.C. & Vistad, O.I. 2014. Karaktertrekk ved de besøkende til innfallsporter I Rondane og Dovre nasjonalparker. NINA Minirapport 522. 39 s. + vedlegg
- Gundersen, V., Andersen, O., Wold, L.C., Nerhoel, I., Fangel, K., Vistad, O. I. & Båtstad, K.R. 2013. Ferdsel i Snøhettaområdet – Del 1. Dokumentasjonsrapport fra 12 spørreundersøkelser. NINA Rapport 933. Norsk institutt for naturforskning.
- Gundersen, V., Mehmetoglu, M., Vistad, O. I., & Andersen, O. 2015. Linking visitor motivation with attitude towards management restrictions on use in a national park. *Journal of Outdoor Recreation and Tourism*, 9, 77-86.
- Gundersen, V., Nerhoel, I., Strand, O., Wold, L.C., Rybråten, S., Dokk, J.G., Vistad, O.I. & S.K. Selvaag. 2017. Ferdsel og bruk av Forollhogna villreinområde. NINA Rapport 1331. Norsk institutt for naturforskning.
- Kaxrud Wilberg, K.A. 2010. Bortfallsstudie i Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark. En test av selvregistreingskasser som metode for registrering av ferdsel i naturområder. Masteroppgave. Ås: INA-UMB. 39. s + vedlegg.
- Knagenhjelm, M. C. 2017. Dokumentasjonsrapport – Brukerundersøkelser i Verneområder. Nasjonalparkforvaltaren for Jostedalsbreen nasjonalpark. Luster.
- Midtre Nordland nasjonalparkstyre 2013. Forvaltningsplan for Rago nasjonalpark, Sørfold kommune.[http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Midtre\\_Nordland\\_dok/Rago/Forvaltningsplan%20Rago.pdf?epslanguage=no](http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Midtre_Nordland_dok/Rago/Forvaltningsplan%20Rago.pdf?epslanguage=no) (Lesedato: 22.02.2018)
- Miljødirektoratet, 2018. Brukerundersøkelser som verktøy for forvaltning av verneområder. Veileder M-930. Trondheim.
- Rudsengen, A. 2018. Årsrapport 2017 SNO-Luster. Jostedalsbreen nasjonalpark. Rapport M-930 2018. Trondheim: Miljødirektoratet.
- Selvaag, S.K. & Wold, L.C. 2018. Brukerundersøkelse i Rago nasjonalpark. NINA Rapport 1470. Norsk institutt for naturforskning
- Selvaag, S.K., Wold, L.C. & Vistad, O.I. 2017a. Brukerundersøkelse i Skarvan og Roltdalen nasjonalpark og Sylan landskapsvernområde sommeren 2016. NINA Rapport 1377. Norsk institutt for naturforskning.
- Selvaag, S. K., Gundersen, V., Danielsen, G. & Wold, L.C. 2017b. Brukerundersøkelse Ånderdalen nasjonalpark sommeren 2016. NINA Rapport 1371. Norsk institutt for naturforskning..
- Vistad, O.I. 1995. I skogen og I skolten – ein analyse av friluftsliv, miljøoppleving, påverknad og forvaltning I Femundsmarka, med jamføringer til Rogen og Långfjället. Dr. Grads-avhandling i geografi, Universitetet i Trondheim.
- Vistad, O.I., Vorkinn, M. & Kaltenborn, B.P. 1993. Utlendingar i Noreg, ved 6000 av dei. Om bruksmønster og miljøpreferansar. NINA Oppdragsmelding 253.

- Vistad, O.I. & Vorkinn, M. 2012. The wilderness purism construct – experiences for Norway with a simplified version of the purism scale. *Forest Policy and Economics* 9:39-47.
- Vistad, O.I., Gundersen, V. & Wold, L.C. 2014. Brukerundersøkelser i Hallingskarvet og Va-rang-erhalvøya nasjonalparker, sommeren 2014. NINA Rapport 1109. Norsk institutt for naturforskning.
- Vistad, O.I., Selvaag, S.K. & Wold, L.C. 2017. Bruken og brukarane av Breheimen 2017. Kasse- og etterundersøking. NINA Rapport 1349. Norsk institutt for naturforskning.
- Vorkinn, M. 1992. Mulige effekter av å opprette Jostedalsbreen nasjonalpark for friluftslivet og reiselivet – Resultater fra før-undersøkelsene. NINA Utredning 033.
- Vorkinn, M. 2011. Bruk og brukere i Jotunheimen 1992, 2002 og 2010. Dokumentasjonsrapport. Rapport 07/11. Fylkesmannen i Oppland.
- Vorkinn, M. 2016. Bruk og brukere i Femundsmarka og Gutulia sommeren 2015. Rapport, fylkesmannen i Hedmark.
- Vorkinn M. & Andersen O. 2010. Besøkende i Rondane og Dovre nasjonalparker – sommeren 2009. Resultater fra selvregistreringskasser og automatiske ferdselstellere. NINA Lillehammer.
- Wold, L.C. & Selvaag S.K. 2017a. Brukerundersøkelse i Sølen landskapsvernområde sommeren 2016. NINA rapport 1332. Norsk institutt for naturforskning.
- Wold, L.C. & Selvaag S.K. 2017b. Brukerundersøkelse i Fulufjellet nasjonalpark sommeren 2016. NINA rapport 1333. Norsk institutt for naturforskning.
- Wold L.C, Selvaag S.K. & Vistad O.I. 2017. Brukerundersøkelse i Trollheimen og Innerdalen landskapsvernområder. NINA Rapport 1360. Norsk institutt for naturforskning.
- Wold, L.C., Gundersen V. & Fangel, K. 2014. Å, nå telte han deg også – er det noen vits da? Tidskriftet utmark nr. 1&2 2014. [www.utmark.org](http://www.utmark.org)
- Wold, L.C., Gundersen, V., Nerhoel, I., Strand, O. Panzacchi, M., Dokk. J.G. & Andersen, O. 2012. Friluftsliv og turisme i Nordfjella villreinområde - NINA Rapport 850. Norsk institutt for naturforskning.
- Aas, Ø. & Vorkinn, M. 1991. Holdninger til fire tiltak økenr tilgjengeligheten til naturattraksjoner – en intervjuundersøkelse blant turister i Briksdalen, Nordfjord. NINA forskningsrapport 021.





8. Tenk deg at du skal gjennomføre ein fleirtimars tur i eit skogs- / fjellterreng om sommaren, og at området er slik DU helst vil ha det – som om det var ditt "idealområde". Ville det vere positivt eller negativt for deg at:

(merk av eitt tal for kvar linje):	Svært negativ		Nøytralt			Svært positivt	
... det finst tilrettelagde leirplassar med do, ved, bål, søppeldunkar	1	2	3	4	5	6	7
... du kan bli kvitt søppel i utplasserte søppeldunkar	1	2	3	4	5	6	7
... det finst merka stiar i området	1	2	3	4	5	6	7
... det er god skilting ved stistart og stikryss i området	1	2	3	4	5	6	7
... det er lagt ned trestokkar til å gå på der stien går over våt myr	1	2	3	4	5	6	7
... at det finst hytter med matsservering og oppreidde senger i området	1	2	3	4	5	6	7
... at du møter mange andre friluftsfolk i løpet av turen	1	2	3	4	5	6	7
... at du kan gå milevis utan å møte eit menneske	1	2	3	4	5	6	7

9. For deg som kjenner nasjonalparken frå før, eller er i ferd med å avslutte turen: Korleis samsvarar Jostedalsbreen nasjonalpark med ditt «idealområde», jf. over? (Set eitt kryss)

Ikkje i det heile teke  1  2  3  4  5  Fullt samsvar  9  Veit ikkje

10. Er dette kortet fylt ut på tur inn i eller ut av området?

1  På tur inn i området  2  På tur ut av området

11. Til hausen ønskjer vi å sende ut eit spørjeskjema til nokre av dykk som har besøkt verneområdet i sommar. Viss du kunne tenkje deg å gje ytterlegare innspel til den framtidige forvaltninga av Jostedalsbreen nasjonalpark, ver vennleg og skriv e-post-adressa di / dykkar nedanfor. Vi vil trekke ut vinnarar til ein fin nasjonalpark-buff.

Epost (skriv tydeleg, vær så snill):

TAKK FOR HJELPA!

## Vedlegg 2: Etterundersøkingsskjema

### JOSTEDALSMBREEN NASJONALPARK

#### Velkommen til undersøkelse om Jostedalsbreen Nasjonalpark

I sommer besvarte du et kortfattet spørreskjema da du besøkte Jostedalsbreen Nasjonalpark og du sa deg villig til å svare på flere spørsmål om din bruk av Jostedalsbreen - her kommer de!

Dine svar er viktige for den framtidige forvaltningen og bruken av området. Vi håper du vil ta deg tid til å besvare hele undersøkelsen og er veldig takknemlig for ditt bidrag!

#### 1) BESØK I JOSTEDALSMBREEN NASJONALPARK

#### 2) \* Bor du i nærheten av Jostedalsbreen Nasjonalpark eller har du tilgang til hytte i området?

- Jeg bor i nærheten av Jostedalsbreen Nasjonalpark (dvs. innenfor kommunene Luster, Sogndal, Jølster, Balestrand, Førde, Gloppen eller Stryn)
- Jeg eier/har tilgang til hytte/seter i nærheten av Jostedalsbreen Nasjonalpark (dvs. innenfor kommunene Luster, Sogndal, Jølster, Balestrand, Førde, Gloppen eller Stryn)
- Ingen av delene

#### 3) \* Har du besøkt Jostedalsbreen Nasjonalpark før 2017?

- Nei, aldri
- Ja

#### 4) Hvor mange somre har du besøkt Jostedalsbreen Nasjonalpark før 2017?

Velg...

#### 5) Hvor mange vintre har du besøkt Jostedalsbreen Nasjonalpark før 2017?

Velg...

#### 6) \* Besøkte du Jostedalsbreen Nasjonalpark en eller flere ganger i løpet av siste år?

- En gang
- Flere ganger

#### 7) \* Hvordan inngikk besøket i Jostedalsbreen Nasjonalpark i den turen du var på?

- Jostedalsbreen Nasjonalpark var hovedmålet med turen
- Jostedalsbreen Nasjonalpark var en del av en rundreise
- Jostedalsbreen Nasjonalpark var en avstikker på vei til/fra et annet sted

**8) \* Når bestemte du deg for å besøke Jostedalsbreen Nasjonalpark?**

- Mer enn 3 måneder før jeg dro hjemmefra
- 1-3 måneder før jeg dro hjemmefra
- Mindre enn en måned før jeg dro hjemmefra
- Underveis på turen

**9) Hvor mange dager var du i Jostedalsbreen Nasjonalpark i løpet av det siste året....**

...i vintersesongen: jul-påske?

...i vårsesongen: etter påske (t.o.m. mai)?


...i sommer/høstsesongen: juni-september?

...senhøstes: oktober-jul?

**10) \* Hvis du var i Jostedalsbreen Nasjonalpark sammenhengende i flere dager for å gå tur til fots, hva slags tur(er) gikk du?**

- Gikk en sammenhengende tur med ulike overnattingssteder
- Overnattet på ett sted og gikk dagsturer fra dette stedet
- Tok dagsturer fra ulike utgangspunkt til ulike turmål
- Ikke relevant. Jeg var ikke på flerdagstur i Jostedalsbreen Nasjonalpark.

**11) Hvilke turmål har du besøkt i Jostedalsbreen?**



**12) \* Det er mange ulike innfallsporter til Jostedalsbreen Nasjonalpark. Hvilke av disse brukte du i 2017?**

- 1. Sunndalen
- 2. Erdalen
- 3. Tjugen – Skåla
- 4. Bødalen
- 5. Kjenndalen
- 6. Briksdalen – Hestekyssplassen
- 7. Briksdalen – Kattanakken
- 8. Melkevoll – Oldeskaret
- 9. Haugadalen – Haugabreen
- 10. Befringsdalen
- 11. Lunde-Lundeskaret
- 12. Bøyadalen/Bøyabreen
- 13. Øygard – Flatbrehytta
- 14. Supphellebreen
- 15. Tungestølen – Austerdalen
- 16. Bakken, Bakkedalen
- 17. Bergset, Krundalen
- 18. Nigardsbreen
- 19. Fåbergstølsbreen

**13) Skriv eventuelt inn andre innfallsporter du har benyttet siste år:****14) \* Overnattet du i eller i nærheten av Jostedalsbreen Nasjonalpark i forbindelse med besøket/besøkene dine det siste året ?**

- Ja
- Nei

**15) Hvordan overnattet du, og hvor mange netter?**

	Antall netter	Hvor?
Hotell/pensjonat/fjellstue	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Turisthytte (der du betaler for å overnatte)	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Fjellstyre/almenningshytte e.l. der du betaler for å overnatte	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Tilrettelagt (camping)plass for campingvogn/bobil/telt der du betaler for å overnatte	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Tilrettelagt (camping)plass for campingvogn/bobil/telt der du ikke betaler for å overnatte	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Telt/lavo/åpen himmel utenom tilrettelagt plass	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Åpen koie/bu (der du ikke betaler for å overnatte)	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Privat hytte/seter (der du ikke betaler for å overnatte)	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Privat hos bekjente/familie e.l. (der du ikke betaler for å overnatte)	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Aribnb	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Annet	<input type="text"/>	<input type="text"/>

**17) \* Hvilke friluftslivsaktiviteter utøvde du i Jostedalsbreen Nasjonalpark siste år? (Flere svar er mulig)**

- Fottur
- Klatring
- Brevandring
- Topptur til fots
- Skitur
- Sykkel på vei
- Sykkel på sti/utenom vei
- Fiske
- Jakt
- Andre aktiviteter (eks. padling, båttur, ridning, bærplukking, løpetur, hundekjøring, kiting, geocaching, fotografering o.a.),

**18) \* Hva slags sykkel benyttet du da du syklet på vei i Jostedalsbreen Nasjonalpark siste år? (Flere svar er mulig)**

- El-sykkel
- Vanlig sykkel
- Stisykkel/fatbike

19) \* Hva slags sykkel benyttet du da du syklet på sti/utenom vei i Jostedalsbreen Nasjonalpark siste år? (Flere svar er mulig)

- Elsykkel
- Vanlig sykkel
- Stisykkel/fatbike

20) \* Hvordan type jakt har du utøvd i Jostedalsbreen Nasjonalpark siste år? (Flere svar er mulig)

- Jakt på småvilt
- Jakt på storvilt

21) \* Hva slags type skitur har du vært på i Jostedalsbreen Nasjonalpark siste år? (Flere svar er mulig)

- Med fjellski/turski
- Langrennski
- Med toppturutstyr (randonee, telemark. e.l.)

22) \* Du har svart at du drev med andre aktiviteter i Jostedalsbreen Nasjonalpark siste år, hvilke aktiviteter var dette?

23) Deltok du på organisert/guidet tur da du vandret på bre?

- Ja
- Nei

24) Hvilken av følgende påstander passer best for deg da du brevandret i Jostedalsbreen siste år?

- Jeg var selv kyndig nok til å gå uten brefører/brekyndig person
- Jeg hadde selv en viss erfaring, men synes likevel det var tryggest å ha med brefører/brekyndig person
- Jeg hadde ingen/liten erfaring, så det var helt nødvendig å ha med brefører/brekyndig person

**25) BRUK AV STI/VEI**

26) \* Hvor mye av tida brukte du merkede/tydelige stier og veier når du gikk eller syklet i Jostedalsbreen Nasjonalpark siste år?

- Alltid
- Ofte
- Av og til
- Sjelden
- Aldri
- Ikke relevant

**27) INFORMASJON OG BRUK AV SOSIALE MEDIA**

28) \* Skaffet du deg informasjon om Jostedalsbreen Nasjonalpark før du kom til området i 2017?

- Ja
- Nei

29) \* Hvor hentet du informasjon fra? (Kryss av for alle aktuelle alternativer)

- Fra venner/slektninger/bekjente
- Fra blogg/facebook/sosiale medier ellers
- Fra internett ellers
- Fra reisehåndbok
- Fra brosjyre
- Fra et turistkontor/informasjonscenter
- På et nasjonalparksenter
- Fra Breturkartet
- Fra en turapp
- På en annen måte

30) Hvilke nettsider fikk du informasjon fra?



31) På hvilken annen måte skaffet du deg informasjon om Jostedalsbreen Nasjonalpark?

32) \* Hvor lett var det å finne den informasjon du ønsket?

1 svært vanskelig

2

3

4

5

6

7 Svært lett

33) Hvilken informasjon var det vanskelig å finne?

34) \* Dersom forvaltningsmyndigheten for Jostedalsbreen Nasjonalpark skulle gi mer informasjon om området, når/hvor ville du helst hatt denne informasjonen? (Flere svar er mulig)

Før avreise hjemmefra

Underveis fra bostedet til Jostedalsbreen Nasjonalpark

På parkeringsplasser/innfallsporter til Jostedalsbreen Nasjonalpark

Inne i selve området

35) \* Hvordan ville du helst hatt informasjon om Jostedalsbreen Nasjonalpark før avreise hjemmefra? (Flere svar er mulig)

Reisehåndbøker

Internett

Via mobil (app)

Annet

36) På hvilken annen måte ville du hatt informasjon før avreise?

37) \* Hvordan ville du helst hatt mer informasjon om Jostedalsbreen Nasjonalpark ved parkeringsplasser/innfallsporter til Jostedalsbreen Nasjonalpark. (Flere svar er mulig)

- Muntlig informasjon fra naturoppsyn
- Informasjonstavler
- Via mobiltelefon (app)
- Brosjyrer i selvbetjeningsautomater
- Informasjonssenter
- Nasjonalparksenter
- Annet

38) På hvilken annen måte ville du hatt informasjon ved parkeringsplasser/innfallsporter til Jostedalsbreen Nasjonalpark?

39) \* Hvordan ville du helst hatt informasjon om Jostedalsbreen Nasjonalpark inne i verneområdet? (Flere svar er mulig)

- Muntlig informasjon fra naturoppsyn du treffer på ute i fjellet
- Via mobiltelefon (app)
- Gjennom aktivitetsfirmaer/overnattingsbedrifter
- Brosjyrer på turisthyttene i området
- Lysbildeforedrag/kåseri på turisthyttene i området
- Guida turer i regi av naturoppsynet
- Annet

40) På hvilken annen måte ville du hatt informasjon om Jostedalsbreen Nasjonalpark inne i verneområdet?

**41) \* Hva slags informasjon er interessant for deg å innhente om Jostedalsbreen nasjonalpark?**

- Turforslag
- Tilbud av guidete/tilrettelagte turer/aktiviteter
- Overnattingsmuligheter/tilbud
- Bispisningsmuligheter/tilbud
- Biologi/botanikk/geologi
- Kulturhistorie
- Om verneformålet og hva som er tillatt/ikke tillatt innenfor verneområdet
- Adkomstmuligheter
- Landskapet: terreng og fremkommelighet
- Spesielle attraksjoner (topper, utkikkspunkt, fosser, kulturminner etc.)
- Kart
- Isbreer (og klimaendringer)
- Jeg er ikke interessert i noen form for informasjon
- Annet, hva?

**42) \* Delte du dine opplevelser i Jostedalsbreen Nasjonalpark via sosiale medier?**

- Nei
- Ja

**43) \* Hvor mange ganger (ca) delte du dine opplevelser via sosiale medier?**

Velg...

**44) \* Hvilke sosiale medier brukte du? (Flere svar er mulig)**

- Facebook
- Twitter
- Instagram
- Andre

**45) Utover Facebook, Twitter eller Instagram, hvilke andre sosiale medier brukte du til å dele dine opplevelser i Jostedalsbreen Nasjonalpark?**

**46) DINE OPPLEVELSER I JOSTEDALSREEN NASJONALPARK**

